



Saksutgreiing

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.

Utval for Plan og Utvikling

Møtedato

Saksnr

Sakshandsamar: Solfrid Trå / Finn Olav Myhren	Arkiv: FA-S10	Arkivsaknr 13/273
--	------------------	----------------------

Fråsegn frå Jølster kommune, behandling av småkraftsøknader - Driva kraftverk

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Den planlagde utbygginga av Driva er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv. Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Driva, men at minstevassføring blir vurdert opp mot tap av verdi av biologisk mangfald og landskapsverdi.

Det er ikkje avgjerande merknad i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaka bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Dersom det vert gjeve konsesjon, vil det ikkje vere krav om kommunal sakshandsaming av tiltaket etter Plan og Bygningslov, jamfør SAK §7 nr. 1

Det vert elles synt til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden

Saksutgreiing:

Tinfors As søker på vegne av Driva kraft SUS om konsesjon etter vassressurslova § 8 og energilova for bygging og drift av Driva Kraft i elva Driva ved Haugastølen.

Kraftverket vil nytte fallet på ei 1640 meter lang strekning mellom inntaket på kote 630 og kraftstasjonen på kote 480 moh i Haugadalen. Det er planlagt røyrgate i nedgraven grøft over ei strekning på 1500 m. Røyrgata er stort sett tenkt plassert langs eksisterande veg. Berekna årleg produksjon er 17,8 GWh i middelproduksjon.

Søknaden skal handsamast av NVE, Noregs vassdrags- og energidirektorat, etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i jamfør nemnde lovverk. Jølster kommune har i oversendingsbrev frå NVE "Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommune, Sogn og fjordane - høyring" datert 17.01.2014 fått søknaden til uttale. Uttalefrist er 02.05.2014. Kommunen er også bede om å vurdere den samla belastinga.

Driva Kraft vil bli eitt aksjeselskap med eigarandel fordelt mellom grunneigarar med fallrettar og Tinfors AS. Fallrettseigarane blir såleis delvis eigarar i kraftverket. Kommunen vil få ei auke i sine skatteinntekter og lokalt næringsliv vil bli nytta i både anleggs- og driftsfasen. Tiltaket vil styrkje busetnadsgrunnlaget i Årdalen for denne og neste generasjon.

Jølster kommune har gjennomført synfaring for planlagde utbyggingsområde 09.04.2014 og har vurdert saka ut frå dette, kjennskap til området, søknad, kart og relevante plandokument.

Skildring av tiltaket

Minstevassføring

Det er planlagd minstevassføring med 500 l/s om sommaren og 151 l/s om vinteren, som er alminneleg lågvassføring. Medelvassføringa er i dag berekna til ca. 2430 l/s, der sommarvassføringa kan vera opp mot 7000 l/s pga. stor andel av bre i nedbørsfeltet.

Kraftverket er planlagt med ei slukeevne på maks 3650 l/s og minimum 360 l/s, og vil produsera kraft når vassføringa overgår minste slukeevne, etter slepp av minstevassføring. Kraftverket vil kjøre etter tilsig, dvs. utan effektkjøring. For eitt medels år er det berekna at 90 dagar har overlaup (overstig maksimal slukeevne), og i 109 dagar vil vassføringa vera lågare enn planlagd minstevassføring og kraftverket vert såleis ute av drift.

Restfeltet er berekna til å ha ei medelvassføring på 260 l/s rett ovanfor kraftstasjonen.

Vassinntak

Inntaket ved kote 630 er planlagt like nord-aust for eksisterande utfartsparkering, som ligg på vestsida av Driva vassdraget. Her er det planlagt eit lite inntaksbasseng i betong som vil bli ca. 20 m lang over krona og 5 m høg på det høgaste. Oppdemt areal er ca. 2000 m².

Luftsida av betongdammen skal kamuflerast med naturstein.

Inntaket vil bli konstruert som ein integrert del av dammen med tilhøyrande bjelkestengsel, inntaksrist og arrangement for slipp og logging av minstevassføring.

Vassveg/røyrgate

Røyrgata på 1500 m vert i sin heilskap greve/sprengt ned slik at han ikkje vert synleg utanfrå. Traseen vil gå sørvest over frå inntaksområde gjennom eit relativt flatt og ope terreng. Deretter blir terrenget brattare og går over i tett lauvskog, der det vil bli hogstflate. I nedste

parti vil røyrtraseen følgje vegen (over halvparten av traseen). Eksisterande veg vil brukas ved legging av røyr.

Det kjem fram av søknaden at rydding av røyr-gata skjer med minst mogleg konsekvens for det visuelle inntrykket av røyr-gata, og at den så fort som råd vert revegetert med stadeigen vegetasjon.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er tenkt plassert på kote 480 moh, på eit flatare parti mellom vegen og Driva. Bygget er planlagt utført i betong og vil få ei grunnflate på 225 m², og 150 m² vil gå med til parkering og snu areal.

Støy og støydempende tiltak knytta til kraftstasjonen blir ikkje nevnt i søknaden.

Plan- og bygningsavdelinga legg til grunn at bygget er planlagt plassert innanfor aktsemdsområde for skred. Detaljplanlegginga må ta omsyn til dette, slik at risikonivået vert klarlagt og eventuelle risikoreducerande tiltak utført. Ut frå estetikken i området er det lite ynskjeleg med eit reint betongbygg. Plan- og bygg ynskjer difor at veggane vert forblenda med tre eller teglstein. Om treverk vert nytta bør dette vere ubehandla eller i jordfargar. Det er ikkje sagt noko om taktekking. Avdelinga ynskjer primært torv, men om stein vert nytta må denne vere i ei matta utføring slik at gjenskin ikkje oppstår. Det er ikkje bustad/fritidsbustader i nærleiken og støy vert vurdert som eit mindre problem. Anlegget bør likevel få ei utforming som verkar mest mogeleg støyreducerande.

Anleggsveg/tilkomstveg

Tilkomst til anlegget vil skje via Fylkesveg 453 og eksisterande grusveg fram til utfartsparkeringa i Haugadalen. Grusvegen må rustas opp for å kunne tåle tungtransport, ca. 1,6 km strekning. Det kjem fram i søknaden at vegkantar og skjeringar vert revegetert der det er moglegheiter for det.

Det vert planlagt ein åtkomstveg til kraftstasjonen. Vegen vil bli ca. 100 m lang og 3 m brei. Transport frå enden av vegen og inn til inntaket vil skje gjennom terrenget, og det kjem fram av søknaden at dei vil bruke matter i anleggsfasen for å beskytta terrenget.

Administrasjonen meiner det er positivt at mest mogleg eksisterande veg vert brukt, og at omsøkt kraftverk krev lite nybygd veg. Det er også positivt at eksisterande veg opp til Haugadalen vert opprusta med tanke på reiseliv og tilgang til breen. I samfunnsdelen til kommuneplanen til Jølster, er tilgang til Haugabreen nemnt som ei av dei viktige satsingane for auka bre turisme i Jølster.

Tilknytting til kraftverk

Sunnfjord energi er områdekonsesjonær og har ei 22 kV distribusjonslinje i Stardalen. Søknaden skisserar to alternativ for nett tilknytting til denne, der begge alternativa omfattar ein 22 kV jordkabel på ca. 1,5 km.

Alternativ 1 er avhengig av at Åmot får konsesjon. Då skal jordkabelen leggas over inntaksdammen der, og vidare i røyrtraseen til felles koplingskiosk. Det andre alternativet er å legge jordkabel langs vegen ca. 600 m, og deretter gjennom terrenget forbi Høyset camping og ned til koplingskiosk for tilkoping til 22 kV-nettet i Stardalen.

Jølster kommune tykkjer føreslåtte løysingar med jordkabel verkar fornuftig med tanke på minst mogleg naturmessige inngrep og synlegheit, men at alternativ 1 er best, dersom Åmot får konsesjon.

Ei hovudutfordring i Jølster, spesielt i Stardalen, er at det trengs auka nettkapasitet for å ta imot ny småkraftproduksjon. Sunnfjord Energi planlegg ei større oppgradering av eksisterande nett frå dagens linje på 22 kV til ny 66 kV, alternativt ny 2x22 kV linje til transformatorstasjonen på Skei.

Jølster kommune bad i SAK 07/1725 om at det i samband med utbyggingsprosjektet vart prosjektert ei line som skulle kunne frakte all straum ut av område for ein lengre periode. Jølster kommune held fast på at det er særskild uheldig med parallellføring av to liner ut av område og at det vert lagt opp til oppgradering av line til 66 kV som kan føre all straum ut av dalen for ein lengre periode.

Massedeponi for overskotsmassar

Det blir behov for midlertidig og permanent deponi for massar frå røyrgate. Midlertidig deponering vil delvis skje langs anleggstraséen for røyrløysing. Det er også ønske om å transportere noko av massen ned til vegen slik at den kan knusast til røromfyllingsmassar på staden med mobilt knuseverk. Dei permanente overskotsmassane frå røyrløysing vil bli i første omgang dandert i terrenget på naturtru måte. Det er ikkje sett av eige område for deponering, utover gjenfylling av et eldre uttaksområde.

Kommunens vurdering av tiltakets effekt for arealbruk, landbruk og miljø

Arealbruk og planar

Omsøkt område ligg i LNF-området etter gjeldane kommuneplan.

Arealdelen i kommuneplanen er under revisjon, og denne vil mest sannsynleg bandleggje det regionalte viktige friluftsområdet, som omsynssone. Denne sona omfattar om lag 2/3 av tiltaksområde. Området har pr. i dag veg og nokre hytter, og er såleis ikkje prega av få eller ingen menneskelege inngrep. Etter Jølster kommune si vurdering vil ikkje tiltaket endre inngrepsfaktoren i veldig stor grad.

I samfunnsdelen av kommuneplanen (vedtatt 2013), er eitt av hovudmåla at Jølster innan 2025 skal ha «fått fram sitt potensiale som natur og kulturbasert reisemål». Innafor dette målet vert utvikling av naturbasert reiseliv og enkel åtkomst til bre nemnt, der Haugadalen er nemnt spesielt.

I «Kommunedelplan for idrett og friluftsliv» (2011-2014) er det sett opp som eit hovudmål at «alle brukargrupper skal motiverast til å utøve eit aktivt og variert friluftsliv». Utbygging av Driva kan i nokon grad påverke naturverdiar og opplevingsverdien av vassdraget, men vil elles ikkje påverke moglegheitene for å tilretteleggja og sikre området.

Midlertidig anleggsområde:

Areal-/avkastningsgrunnlaget for landbruket i området vil bli redusert med om lag 83,5 daa utmark i anleggsperioden. Det er i tilknytning til røyrgata og nett tilknytning at det vert rørt ved mest utmark i anleggsperioden.

Permanent anlegg:

Varig arealbruk er svært minimal med 3 daa utmark, og dette vil ikkje få varig tyding for jord- og skogbruk. Tiltaksbassenget vil beslaglegge 2 daa, resterande 1 daa går til kraftstasjon og veg.

Landbruksfagleg vurdering

Stardalen er ei av dei viktigaste jordbruksbygdene i Jølster. Det har dei siste åra blitt investert i fleire nye driftsbyggingar og samdrifter. Nokre av fallrettseigarane for dette prosjektet er aktive medlemmar i Øygarden samdrift som driv med mjølkeproduksjon. I inntaksområde har det tidlegare vore stølsdrift. Område i Haugadalen vart tradisjonelt nytta til beiteområde for sau og storfe, og er forsett relativt ope og noko brukt til beiting. Det er fare for gjengroing grunna redusert beitetrykk.

Omsøkte kraftutbygging vil ha liten negativ innverknad på landbruk og gje gardsbruka som er del i utbygginga ei viktig tilleggsinntekt, som på sikt vil styrkje driftsgrunnlaget på gardane samt sikre framtidig busetnad i grenda.

Miljøfagleg vurdering

Miljømessige konsekvensar av tiltaket er knytt til minstevassføring, inntak, vegbygging, røyrgate og dam. Tiltaka kan tenkjast å ha verknad på flora, fauna, fiske, visuelle kvalitetar ved området og det er Faun Naturforvaltning som har gjennomført kartlegging av miljøverdiar i området.

Landskap og visuelle verknadar

Stardalen er ei utprega jordbruksbygd med flate gode jordbruksareal ned i dalen og hengande U- daler frå fjellet ut mot dalen på begge sider. Haugadalen er frodig og omkransa av høge fjell med fossefall og breplatå (Jostedalsbreen og Myklebustbreen). Drivafallet er ein av dei større fossane i Stardalen og er godt synleg på avstand. Tiltaksområdet ligg ovanfor fossen og er ikkje synleg frå Stardalen. Kombinasjonen med Driva fossen og synlege bréar, samt kulturlandskap, gjer at område får «stor verdi». I fylkesplan for arealbruk er Driva, frå Høyset opp til Oldeskaret, registrert som eit viktig landskapselement i form av fossar og stryk.

Påverka elvestrekning mellom bekkekløfta og planlagd utlaup er stort sett godt synleg frå vegen. Sjølve bekkekløfta er stort sett godt skjult bak vegetasjonen. Inntaksbassenget vil bli synleg frå stien og Haugastøylen. Sjølve kraftstasjonen vil bli meir eller mindre synleg i terrenget.

Under anleggsfasen vert tiltaket vurdert å kunne ha opp mot «stort negativt omfang» som vil gje «stor negativ konsekvens» pga. riggområde, sår og transport i terrenget. I driftsfasen vert omfanget av tiltaket vurdert å ha et «lite negativt omfang» for landskapet. Dette seier Jølster kommune seg einige i.

Tilnærma heile influensområde er prega av ulike menneskelege aktivitetar, i form av veg og støls- og hyttemiljø. Tiltaket vil såleis ikkje føre til reduksjon av inngrepsfrie naturområde (INON).

Tiltaksområde er plassert like utanfor grensa til Jostedalsbreen nasjonalpark, som går nord for Haugastølen.

Av synlege verknader vil det mest påfallande vere den reduserte vassmengda gjennom året i området mellom inntak og kraftstasjon, samt kraftstasjonen. Landskapssår vil verta lega etter anleggslutt med hjelp av enkle tiltak, som tilbakeføring av avdekningsmassar. Naturleg revegetering med spreining av artar frå staden er å føretrekke framfor innsåing med framande artar. Administrasjonen vil påpeike viktigheita av å utforme kraftstasjonen slik at den tilpassast omgjevnadane, samt rydde opp etter at anleggsfasen er ferdig.

Biologisk mangfald og vilt

I forbindelse med søknaden er det registrert ein naturtype av typen «bekkekløft og bergvegg» på om lag 280 m av berørt elvestrekning. Naturtypen er gjeve verdi C (lokalt viktig) sidan utstrekninga er liten og det er låg kontinuitet/manglande tresjikt. I forbindelse med denne er det registrert små innslag av vegetasjonstype «fosse-eng», og denne er gjeve middels verdi av Faun Naturforvaltning.

Det er også kartlagt ei naturbeitemark ved Høyset, men redusert beiting dei siste åra har ført til at lokaliteten er i ferd med å gro igjen. Orkidéen brudespore er blant anna registrert på lokaliteten, men denne er ikkje trua nasjonalt lenger. Lokalitet har fått verdi C (lokal verdi), og føring av jordkabel (alt.2) skal haldast utanom denne lokaliteten.

Det er ikkje registrert raudlistearter innanfor influensområdet, og potensialet for at det fins raudliste artar i området vert vurdert som låg, men til stades, og då hovudsakeleg innanfor gruppa mosar, lav og beitemarksopp.

Kommunen har ikkje andre registreringar som avdekker eventuelle raudlisteartar, men vi kan likevel ikkje så heilt bort frå at det kan finnast.

Det er ikkje registrert hekkeplasser for sårbare rovfugl innanfor influensområdet. Det vert anteke at fossekall nyttar området.

Administrasjonen har kunnskap om at Haugadalen er eit viktig sommararbeidområde for hjort. Om vinteren trekker fleirtalet av dyra ned mot dalbotnen pga. snø og tøft vinterklima i influensområdet. Merkforsøk har vist at hjort kan velje å nytte seg av andre trekkvegar om dei til dømes skulle verte uroa av anleggsverksemd, men at dei ved seinare høve tek opp at gamle trekkvegar når arbeida er avslutta.

Rapporten til Faun Naturforvaltning vurderer det biologisk mangfaldet til liten - middels verdi, og konkluderer med at tiltaket vil gje ein liten negativ konsekvens for det biologiske mangfaldet. Redusert vassførsle vil føre til eit mindre fuktig miljø i bekkekløfta og redusere fossesprøytverknaden, samt redusere næringstilgangen til fossekallen. Slepp av minstevassføring, samt tilrettelegging for naturleg gjenvekst, er foreslått som avbøtande tiltak.

Kommunen seier seg einig i denne konklusjonen, men meiner NVE må vurdere om omsøkt minstevassføring er nok for å unngå negative effektar. Kommunen syner også til samla belastning, omtala i eige dokument.

Dersom det vert gjeve konsesjon til alle omsøkte prosjekt i nedbørsfeltet til Breimsvatnet vil ein stor andel av natur knytt til små- og middels store elvar verte råka. Dette kan få betyding

utover konsekvensane av det herved skildra tiltaket for artar som fossekall, oter og strandsnipe.

Fisk og fiske

I følgje søknaden og lokalkjende har påverka strekning av Driva høg slamføring og vert difor betrakta som praktisk talt fisketomt innanfor influensområdet.

Tiltaket vert vurdert å ha «lite negativt» eller «ingen omfang» for det akvatiske arts mangfaldet, men reduksjon av vassføringa for naturtypen «elveløp», vert vurdert å ha middels omfang for sjøve naturtypen.

Jølster kommune vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt, og vurderer såleis at ei utbygging vil gje små konsekvensar for fisk og fiske.

Kulturminne og -miljø

Det ligg ikkje kjente automatisk freda kulturminne i utbyggingsområde. I området kring Haugastøylen og Åmotstøylen er det registrert 14 ruiner eller fjerna SEFRAK bygningar og eitt SEFRAK bygg. Bygningene og setervollene vil ikke bli berørt av utbyggingen.

Vegen over Oldeskaret er ein gamal og velkjend ferdsel- og turrute til Briksdal i Olden, og er fortsatt brukt av turgåarar. Denne vert heller ikkje berørt av tiltaket.

Friluftsliv og reiseliv

Samfunnsdelen av kommuneplanen (2013 – 2025) seier at det skal satsast på naturbasert reiseliv, blant anna i tilknytning til bre, der Haugadalen vert nemnt spesielt. Kraftverket er delvis planlagt i eit regionalt viktig friluftsområde beskrive i «Fylkesdelplan for arealbruk» (2000), som har følgjande retningslinje «i friluftsområde som i dag er prega av få eller ingen menneskelige inngrep, bør en unngå inngrep». Tiltaksområdet har i dag noko grad av inngrep, i form av veg og hytter.

Området er ofte nytta til tur og som innfallspport til Haugabreen, Oldeskaret og høgfjella rundt. Haugabreen vert brukt til guida Breturar, med utgangspunkt i utfartsparkeringa i Haugadalen. Området er registrert i FRIDA- registeret med regional friluftsverdi.

De største verdiane for friluftsliv og naturbasert reiseliv vert vurdert å vera ovanfor utfartsparkeringa, og såleis utanfor influensområde. I utbyggingsfasen kan ein forvente at området får redusert landskapsverdi og at det reduserer naturopplevinga, samt kunne gje redusert framkommelegheit. Etter attgroing ser ikkje Jølster kommune at den planlagde utbygginga vil redusera naturopplevinga som friluftsområde, sidan inngrepet vert gjort i nedkant av det mest brukte område. Opprusting av veggen kan vera ein fordel for tilgangen til friluftsliv og reiseliv.

Ras, flom og erosjon

Tiltaksområdet er i dag utsett med omsyn til både steinsprang og snøskred frå dalsidene. Området ligg på aktsomhetskarta i såkalla utlaupsområder. Inntaket vil ikkje vera spesielt sårbart for slike ras grunna inntaket si plassering i ei forseinking i terrenget. Kraftstasjonen er planlagt langt ute i dalen med tanke på snøskred, men steinsprang kan potensielt råka stasjonen.

Vassføringa kan derimot gjere skade på lite trafikkert seterveg, og det er difor søkjar har føreslege klasse 1 for Driva dam, samt trykkrøyr.

Sjølve tiltaket er anteke å ha ubetydelige konsekvensar for ras, flom og erosjon.

Vurdering

Vasskraft har eit stort potensiale i Jølster. Dette er rein fornybar energi som Jølster kommune vil legge til rette for å utnytte. Det sendt inn to søknader på utnytting av fallet i Driva. Driva kraftverk er det som ligg lengst oppe i vassdraget.

Det er gode samfunnsmessige verknader av tiltaket. Det er planlagt at om lag halvparten av bygge-entreprisar vert sett ut til lokale entreprenørar. I tillegg vil tiltaket gje gardsbruka som er del i utbygginga ei viktig tilleggsinntekt, som på sikt vil styrkje driftsgrunnlaget på gardane samt sikre framtidig busetnad i grenda. Det kjem fram i søknaden at Åmot kraft (SUS) er eit aksjeselskap med eigarandelar fordelt mellom fallrettseigarane og Tinfors AS. Jølster kommune meiner prinsipielt at så mykje som mogeleg av den lokale «Krafta» bør eigast lokalt slik at så mykje som mogeleg av verdiskapinga skal vere igjen i kommunen.

Tiltaket vil røre ved noko av landskapet, naturmiljøet, det naturbaserte reiselivet og friluftslivet i området. Dei største konsekvensane er knytta opp mot anleggsfase, der avbøtande tiltak i forhold til framkommelegheit og støy er viktig.

Minstevassføringa som er foreslått om sommaren, 500 l/s, er tre gongar alminneleg lågvassføring (151 l/s), men er likevel mindre enn 5-persentilen på 1408 l/s. Jølster kommune ber NVE vurdere om foreslått minstevassføring er tilrådeleg for at landskapsverdien og naturverdiane ikkje vert redusert i for stor grad.

Vidare er det føreslege ei rekkje avbøtande tiltak utover minstevassføring, for å minimera ulempene av tiltaket. Jølster kommune meiner desse er gode tiltak, og har ikkje merknader i forhold til desse.

Området er eit mykje brukt utfarts og friluftsområde, og om det skulle verte gjeve konsesjon for bygging og drift av anlegget må installasjonar som inntak og kraftverksbygget utførast på ein måte som ikkje øydelegg desse kvalitetane ved området.

Sidan store delar av tiltaksområde ligg innafor faregrensa for snø og steinskred føreset Jølster kommune at dette vert ein del av vurderingane i den vidare handsaminga av konsesjonssøknaden.

Konklusjon

Administrasjonen vurderer den planlagde utbygginga av Driva som lite konfliktfylt og har ikkje avgjerande merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv. Administrasjonen vil tilrå at det blir gjeve konsesjon for bygging og drift av Driva, men at minstevassføring blir vurdert opp mot tap av verdi av biologisk mangfald og landskapsverdi.

Det er ikkje avgjerande merknad i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaka bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Dersom det vert gjeve konsesjon, vil det ikkje vere krav om kommunal sakshandsaming av tiltaket etter Plan og Bygningslov, jamfør SAK §7 nr. 1

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.02.2013	NVE	Oppstart av behandling av småkraftsøknader i Jølster og Gloppen kommunar
2	I	17.01.2014	NVE	Fleire søkjarar - Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring
3	I	22.01.2014	NVE	Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring - med linkar
4	I	04.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken.
5	U	14.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Svar Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken
6	U	02.04.2014	NVE	Agenda for synfaring 09.04
7	I	02.04.2014	Statens Vegvesen Region Vest	Kopi av skriv til NVE - svar til søknad om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen.



Saksutgreiing

SAKSGANG**Styre, utval, komite m.m.**

Utval for Plan og Utvikling

Møtedato**Saksnr**

Sakshandsamar: Solfrid Trå / Finn Olav Myhren	Arkiv: FA-S10	Arkivsaknr 13/273
--	------------------	----------------------

Fråsegn frå Jølster kommune, behandling av småkraftsøknader - Åmot kraft

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Den planlagde utbygginga av Åmot kraftverk er vurdert som lite konfliktylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknadar til søknaden. Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Paulen kraftverk.

Det er ikkje avgjerande merknadar i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaket bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrenghøve.

Det vert elles synt til administrasjonens saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden

Saksutgreiing:

Åmot kraft (SUS) søker i samarbeid med lokale grunneigarar om konsesjon etter Vassressurslovas § 8 om løyve til bygging av kraftverket slik det kjem fram i søknaden, og etter energilova om løyve til bygging og drift av Åmot kraftverk med tilhøyrande koblingsanlegg og kraftlinjer slik det går fram av søknaden.

Kraftverket vil nytte fallet i Driva i Haugadalen i Jølster kommune mellom inntaket på kote 480 moh og kraftstasjon på kote 300 moh. Det er planlagt røyrgate i nedgreven/sprengd grøft over ei strekning på om lag 1000 meter. Det er behov for 70 og 60 meter ny veg til høvesvis kraftstasjon og inntak. Middelsvassføringa er 2610 l/s og kraftverket er planlagt

med ei maksimal slukeevne på 6,2m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 9,9 MW og etter planane gje ein produksjon på 28,0 GWh. Det er planlagd slepp av ein minstevassføring på 500 l/s om sommaren og 156 l/s resten av året.

Det er Tinfos AS som på vegner av Åmot kraft (SUS) søker om konsesjon til bygging og drift av kraftverket. Åmot kraft (SUS) vil bli eit aksjeselskap med eigarandelar fordelt mellom berørte grunneigarar og Tinfos AS. Selskapet ventast å vere oppe og gå i løpet av 2013/14 og selskapets verksemd vil vere produksjon og sal av kraft. Fram til kraftverket er ferdig bygd og sett i drift vil kontakt med myndigheitene og utbygginga leiast av Tinfos AS.

Søknaden skal handsamast av NVE, Noregs vassdrags- og energidirektorat, etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i jamfør nemnde lovverk. Jølster kommune har i oversendingsbrev frå NVE "Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommune, Sogn og fjordane - høyring" datert 17.01.2014 fått søknaden til uttale. Uttalefrist er 02.05.2014. Kommunen er også bede om å vurdere den samla belastinga.

Jølster kommune har gjennomført synfaring i det planlagde utbyggingsområdet den 09.04.2014 og har vurdert saka ut i frå dette, kjennskap til området, søknaden, kart og relevante plandokument.

Skildring av tiltaket

Minstevassføring

Omsøkt minstevassføring er 500 l/s for sommaren og 156 l/s resten av året. Søkjaren har sett opp to andre alternativ som framlegg til avbøtande tiltak i tabell 09 i søknaden. Alternativ 2 er sett opp med 1000 l/s om sommaren og 50 l/s elles i året, og alternativ 3 med 750 l/s om sommaren og 50 l/s elles i året.

Det kjem fram i søknaden at dette er gjort for å hindra/minka eventuelle negative konsekvensar minka vassføring vil få for økologi, biologi og det visuelle inntrykket av vassdraget.

Vassinntak

Inntaksdammen er planlagd på kote 480 moh. Det er ikkje planlagd inntaksmagasin, men vasstanden i inntaksbassenget vil romme 7250 m³ vatn. Dammen skal fornkrast i fjell og byggast i betong tvers over elva med inntaksarrangement på austsida av elva. Største høgde på dammen vil bli om lag 5 meter og lengda på damkruna om lag 30 meter. Neddemt areal er estimert til om lag 2.9 dekar. Inntaket vil bli laga som ein integret del av dammen med tilhøyrande bjelkestengsel, inntaksrist, inntakskonus, stengingsanordning og arrangement for logging og slipp av minstevassføring. Det planleggast vidare med eit lite hus på eller i nærleiken av inntaksarrangementet, samt ei tappe- og spyleluke for å kunne spyle vekk eventuelle lausmassar som samlast opp i dammen.

Vassveg/røyrgate

Røyrgata vert om lag 1000 meter og skal ligga på austsida av Driva. Røyrdimensjonen vert 1800 mm. I starten skal den leggast langs eksisterande traktorveg, vidare gjennom lauvskog og mindre partier med planta granskog. Det siste strekke vil den ligge på innmark. Røyrgata skal gravast/sprengast ned i heile si lengd. Breidda vil ligge på om lag 30 meter i anleggsperioden. Traseen skal ryddast for skog og kratt. Traseen skal vegeterast med stadeigen masse og gro at med stadeigen vegetasjon.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er planlagt på kote 300 moh på nordsida av fylkesveg 453 ved Åmot, Stasjonstomta ligg på innmark. Det er spreidd busetnad i område rundt der kraftstasjonen skal stå. Sidan det vert eit statisk trykk på stasjonen frå røyrgata på om lag 360 tonn er det naudsynt å forrankra bygget i grunnfjell under tomte. Stasjonen vert liggande om lag 10 meter i frå elva med ein grunnflate på 150 – 200 m² avhengig av teknisk løysing. Det vert i tillegg behov for parkeringsareal på om lag 100 m² pluss ein 16 meter lang avlaupskanal tilbake i vassdraget. Utsjånaden på stasjonen skal tilpassast bygga i nærleiken.

Det vil verte installert ein transformator i nærleiken av stasjonsbygget med høgspennoverføring til lokalt 22kV - nett

Vegbygging

Tilkomst til anlegget vil skje via Fylkesveg 453 og eksisterande grusvegar i området. Det vert behov for ny veg til stasjon og inntak. Vegen til stasjonen vert om lag 70 meter og får ein permanent breidde på 3 meter inkludert vegskulder og grøfter. Dette vert ein avstikkar frå eksisterande gardsveg. Søkjar legg til grunn at sidan denne vegen går over dyrka jord er den planlagt smalare enn normalt for å minske tapet av dyrka jord.

Til inntaket krevs det 60 meter ny veg frå eksisterande veg opp i Haugadalen. Denne er planlagt i same breidde som vegen inn til stasjonen. Det vert lagd til grunn at denne vegen kan nyttast som den er i dag under anleggsperioden kunn med enkel opprusting. Vegen skal settast tilbake til gamal standard etter anleggsperioden.

Massetak og deponi

Arbeid med røyrgata (graving og sprenging) vil gje mellom 10 – 12000m³ lausmassar. Om noko knusast kan halvparten gå til fylling i og rundt røytraseen og resten kan gå til utbetring av eksisterande veg. Det vil i anleggsperioden vere trong for bruk av 3 midlertidige deponiplassar. Her må skogen ryddast i eit område på 7 dekar. Etter at anlegget er ferdig vil desse areala settast tilbake i naturleg tilstand. Dette er tre områder som ligg i nærleiken av planlagt røyrgate og veg (Sjå vedlegg 3 i søknaden)

Nettilknytting

Sunnfjord energi er områdekonsesjonær og har ei 22kV distribusjonsline i Stardalen med forgreiningar til ulike bustadområde. Tilknyttinga til denne er planlagt gjennom ein 450 meter lang jordkabel. Nettet i område er under oppgradering og tiltakshavar er i dialog med nettselskapet om net- tilknytting. Det skal søkjast om anleggskonsesjon for tilknytting av nett ved gitt konsesjon

Kommunens vurdering av tiltakets effekt for arealbruk, landbruk og miljø

Arealbruk

Mellombels arealbruk i anleggsfasen er 58,55 dekar og det er røyrgata som legg beslag på mesteparten. Største delen av dette er utmark og skog, og noko innmark i nærleiken av stasjonsområdet. Permanent arealbruk er sett til 3,65 dekar. I all hovudsak er dette areal i tilknytting til inntaksområde og kraftstasjon.

Arealet tiltaket ligg i har status som LNF – gjeldande kommuneplan for Jølster. Dette er område som er avsett til Landbruks- natur og friluftsliv.

Kommuneplanen er under revisjon og ny samfunnsdel vart vedteke i kommunestyret i Jølster i November 2013. her står det mellom anna at Jølster innan 2025 skal ha «fått fram

sitt potensiale som natur og kulturbassert reisemål» det nemnast spesielt til breen og naturbassert reiseliv. Haugadalen er nemnd som eit svært aktuelt område og utvikle dette i.

Landbruksfagleg vurdering

Stardalen er ei av dei viktigaste jordbruksbygdene i Jølster. Det har dei siste åra blitt investert i fleire nye driftsbyggingar og samdrifter. Nokre av fallrettseigarane for dette prosjektet er aktive medlemmar i Øygarden samdrift som driv med mjølkeproduksjon. Omsøkte kraftutbygging vil ha liten negativ innverknad på landbruk og gje gardsbuona som er del i utbygginga ei viktig tilleggsinntekt, som på sikt vil styrkje driftsgrunnlaget på gardane samt sikre framtidig busetnad i grenda.

Miljøfagleg vurdering

Miljømessige konsekvensar av tiltaket kan vere knytt til minstevassføring, inntak, vegbygging, røyrgate og dam. Tiltaka kan tenkjast å ha verknad på flora, fauna, fiske og ved visuelle kvalitetar ved området. Det er firmaet Faun naturforvaltning som har gjennomført konsekvensutgreiinga. Under følgjer kommunens vurderingar knytt til temaet.

Landskap og visuelle verknader

Stardalen er ei utprega jordbruksbygd med flate gode jordbruksareal ned i dalen og hengande U- daler frå fjellet ut mot dalen på begge sider. I fjellet er Stardalen «omringa» av Jostedalsbreen nasjonalpark. Haugadalen er ein av dei plassane i Jølster ein kan kome nærast breen frå bilveg. I nokre av desse U- dalane kan ein sjå fossar frå lang avstand. Det synlege stryket i Driva mellom kote 440 og 350 er ein av dei mest markerte fossane vi har i kommune og kan sjåast frå lang avstand ned i dalen. Lengre nedstrøms kote 350 er det også nokre mindre fossar, men desse er ikkje så synlege grunna at elva her ligg i skjul mellom bjørk og planta granskog.

Elva Driva frå Høyset opp til Oldeskaret er i « Regional plan med tema knytt vasskraftutbygging» lista opp som ein av 31 fossar/stryk i delområde Gloppen/Stryn, som utgjer viktige landskapselement. Fossen forbi Høyset Camping har regional verdi som landskapselement.

I søknaden kjem det fram at dette fossefallet vert mindre markert enn under dagens situasjon. Søkjar legg til grunn at dei har planlagd ein relativt høg minstevassføring på 500 l/s i sommarhalvåret for å avbøte dei negative effektane dette vil kunne gje. Jølster kommune meiner at det er viktig å ta vare på elva og fossen som landskapselement, og meiner at NVE må vurdere om omsøkt minstevassføring er nok for å unngå negative effektar på elva og fossen som landskapselement.

Røyrgata og arbeidet med denne vert synleg i anleggsperioden, men traseen vert revegetert med stadeigen vegetasjon relativt raskt. Det vil elles vere viktig å planlegga byggingar og inntaksarrangement på ein slik måte at det harmonerar med lokal byggeskikk.

Biologisk mangfald og vilt

Fagrapporten som omhandlar verknadar på det biologiske mangfaldet for dette prosjektet konkludera med at verknaden på det biologiske mangfaldet vil vere liten negativ.

Administrasjonen er i stor grad einig i dette, men vil likevel nemne nokon punkt.

Som eit resultat av mindre vassføring, og difor mindre fossesprøyt vil den noe trua vegetasjonstypen «fosse- eng» vert råka negativt. I dette området har ikkje vegetasjonstypen naturtypekvalitet grunna lite areal per lokalitet. Administrasjonen meiner at dette bør vere eit moment i den vidare handsaminga av søknaden sett i samheng med spørsmålet om minstevassføring. Når det gjeld fugl og pattedyr innafor influensområdet har ikkje administrasjonen noko å legge til å høve det som kjem fram i fagrapporten.

Fisk og fiske

Elva Driva er etter det som kjem fram i fagrapporten og søknaden fisketom. Det er elvelevande aure i Stardalselva og denne kan nok etter administrasjonen si tyding vandre opp eit stykke mot planlagd kraftstasjon. Både Stardalselva og Driva er brepåverka elver og difor slik sett relativt marginale i høve fiskeproduksjon. Årsaka til dette er som oftast temperatur tilhøve og blakka vatn. Med grunnlag i dette har ikkje Jølster kommune grunn til å tru at omsøkte tiltak går utover fisk og fiske- interesser på nokon negativ måte.

Kulturminner og miljø

Jølster kommune har ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne eller andre kulturmiljø enn det som kjem fram i søknaden. Det vil likevel vere naturleg å nemne at om det skulle verte gitt konsesjon for bygging og drift av Åmot kraftverk, og at det under arbeidet skulle avdekkast noko som kan vere automatisk freda kulturminner så må utbygger straks ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune for avklaring.

Friluftsliv og andre brukarinteresser

Området rundt Høyset Camping vert mykje nytta som utgangspunkt for fotturar både for lokalbefolkning og tilreisande. Mange av turane går for å sjå fossen i tillegg til turar sommarstid innover dalen. Haugadalen er ein rasfarleg om vinteren. Redusert vassføring i sommarhalvåret vil etter Jølster kommune si tyding kunne føre til at området mistar noko av kvaliteten som friluftsområdet. Områda vert nytta av lokalbefolkning til hjortejakt. Det vert seld småviltkort gjennom Jølster Jakt og fiskarlag, men kommunen har ikkje oversikt over kor mykje småviltjakt som vert utøvd i område. Jølster kommune har ikkje grunn til å tru at tiltaket vil gå utover andre brukarinteresse enn det som er nemnd over.

Ras og skred

Det kjem fram i søknaden at tiltaket ikkje i nemneverdig grad vil vere utsett eller auke faren for ras og lausmasseskred, men at områda innafor planlagd inntak vil vere rasutsett om vinteren. I aktsemdskartet for snø- og steinskred i Jølster kommune ligg store delar av tiltaket innafor faresonen for snø og steinskred.

Vurdering

Det sendt inn to søknader på utnytting av fallet i Driva. Åmot kraftverk er det som ligg lengst nede i vassdraget. Det kjem fram i søknaden at prosjektet, slik det er planlagd, er samfunnsmessig lønsamt og vil generer arbeid til lokale entreprenørar tilsvarande 20 MNOK. Det vil og gje inntekter i form av grunnrenteskatt, eigedomsskatt og skatt på selskapets overskot. Når kraftverket vert sett i drift vil det opprettas ein ¼ stilling knytt til drifts av anlegget.

Det kjem fram i søknaden at Åmot kraft (SUS) er eit aksjeselskap med eigarandelar fordelt mellom fallrettseigarane og Tinfoss AS. Jølster kommune meiner prinsipielt at så mykje som mogeleg av den lokale «Krafta» bør eigast lokalt slik at så mykje som mogeleg av verdiskapinga skal vere igjen i kommunen.

Tiltaket er vurdert til å ha liten negative effekt på biologisk mangfald, vilt og fiske- interesser. Jølster kommune har ikkje avgjerande merknadar til dette utover å nemne at tiltaket med planlagd minstevassføring truleg vil gå utover områda med «Fosse –eng». Likevel er desse områda samla sett for små (0,5 daa) til at den/dei har naturtypekvalitet som «fossesprøytsone»

Sidan delar av tiltaksområde ligg innafor faregrensa for snø og steinskred føreset Jølster kommune at dette vert ein del av vurderingane i den vidare handsaminga av konsesjonssøknaden.

Fossen i elva Driva er eit viktig landskapselement og kan sjåast frå lang avstand. Jølster kommune meiner at det er viktig at så langt det let seg gjere å halde på desse kvalitetane. Jølster kommune er usikre på om omsøkte minstevassføring på 500 l/s er nok til å ivareta dette. I tabell 09 i søknaden er det sett opp alternative minstevassføringar som avbøtande tiltak. Høgre minstevassføring vil gje seg utslag i noko lågare produksjon og høgre utbyggingspris. Jølster kommune meiner med bakgrunn i dette at minstevassføringa må vurderast nærmare i den vidare handsaminga av søknaden.

Jølster kommune legg vidare til grunn at ein er samde i at framlegga til avbøtande tiltak i Kapittel 4 i søknaden er positive.

Konklusjon

Med grunnlag i desse vurderingane og framlegga til avbøtande tiltak meiner Jølster kommune at utbygginga av Åmot kraftverk er lite konfliktskyt så lenge det vert teke omsyn til områdetets kvalitetar som naturområde, og at dei visuelle kvalitetane ved fossefallet i Driva ikkje vert mykje redusert. Jølster kommune har utover dette ikkje avgjerande merknadar til søknaden. Administrasjonen vil difor med grunnlag dette tilrå at det vert gjeve konsesjon for bygging og drift av Åmot kraftverk.

Det er ikkje avgjerande merknadar i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaket bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.02.2013	NVE	Oppstart av behandling av småkraftsøknader i Jølster og Gloppen kommunar
2	I	17.01.2014	NVE	Fleire søkjarar - Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring
3	I	22.01.2014	NVE	Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring - med linkar
4	I	04.03.2014	Sogn og Fjordane	Ang. søknader om å bygge sju

			Ffylkeskommune	småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken.
5	U	14.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Svar Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken
6	U	02.04.2014	NVE	Agenda for synfaring 09.04
7	I	02.04.2014	Statens Vegvesen Region Vest	Kopi av skriv til NVE - svar til søknad om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen.



Saksutgreiing

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.
Utval for Plan og Utvikling

Møtedato

Saksnr

Sakshandsamar: Solfrid Trå /Finn Olav Myhren	Arkiv: FA-S10	Arkivsaknr 13/273
---	------------------	----------------------

Fråsegn frå Jølster kommune, behandling av småkraftsøknader - Øvrebø kraftverk

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Den planlagde utbygginga av Øvrebø kraftverk er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv. Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Øvrebø kraftverk, men ber NVE vurdere minstevassføring opp mot tap av verdi av biologisk mangfald og landskapsverdi.

Det er ikkje avgjerande merknad i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaka bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Dersom det vert gjeve konsesjon, vil det ikkje vere krav om kommunal sakshandsaming av tiltaket etter Plan og Bygningslov, jamfør SAK §7 nr. 1

Det vert elles synt til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

Saksutgreiing:

Øvrebø Kraft AS søker om konsesjon etter vassressurslova § 8, samt energilova for bygging og drift av Øvrebø kraftverk i Hegreneselva i Ålhusdalen/Gotdalen i Jølster kommune.

Kraftverket vil nytte fallet på ei 1550 meter lang strekning i Hegreneselva i Ålhusdalen og Gotdalen mellom inntaket på kote 523 og kraftstasjonen på kote 327 moh, som er om lag 4,5 km oppstrøms frå Jølstravatnet. Det er planlagt røyrgate i nedgraven/nedsprengt grøft over ei strekning på 1310 m. Røyrgate skal krysse elva (startar på austsida og ender opp på vestsida av elvelaupet). Eksisterande skogsbilveg og traktorveg skal nyttas for å etablere røyrgate. Berekna årleg produksjon er 10,2 GWh i middelproduksjon.

Søknaden skal handsamast av NVE, Noregs vassdrags- og energidirektorat, etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i jamfør nemnde lovverk. Jølster kommune har i oversendingsbrev frå NVE "Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommune, Sogn og fjordane - høyring" datert 17.01.2014 fått søknaden til uttale. Uttalefrist er 02.05.2014. Kommunen er også bede om å vurdere den samla belastinga.

Søklar Øvrebø Kraft AS er organisert som eit aksjeselskap og eigd av grunneigarane med fallrettar i prosjektet. Fallrettseigarane blir eigarar i kraftverket, og kommunen vil få ei auke i sine skatteinntekter. Tiltaket vil styrkje busetnadsgrunnlaget på Øvrebø for denne og neste generasjon.

Jølster kommune har gjennomført synfaring for planlagde utbyggingsområde 09.04.2014 og har vurdert saka ut frå dette, kjennskap til området, søknad, kart og relevante plandokument.

Skildring av tiltaket

Minstevassføring

Det er planlagt minstevassføring med 77 l/s om sommaren og 77 l/s om vinteren, som er alminneleg lågvassføring. Dette er mindre enn 5-persentilen for sommar på 150 l/s. Etter utbygginga vil medelvassføringa gjennom året bli redusert til 52% av naturleg vassføring på den berørde elvestrekninga.

Kraftverket er planlagt med ei slukeevne på maks 2000 l/s og minimum 100 l/s, og vil produsera kraft når vassføringa overgår minste slukeevne, etter slepp av minstevassføring. I tillegg er det planlagt overløp ved flom, typisk mai, juni og september. Restvassføringa frå Ålhuselva m. fl. vil også vera relativt stor, og er berekna til 540 l/s (medelvassføring).

Vassinntak

Ved inntaket på kote 523, blir det berre ein inntakskulp kor vasstanden vil kunne variera med ca. 1 m. Dammen vil bli ca. 30 m lang over krona og 3 m høg på det høgaste. Neddemt areal er ca. 1500 m². Dammen vert bygd som massiv betongdam med fritt overløp og trapperøyr i botn for tapping av minstevassføring. Det vert utrusta med varegrind og luke med røyrbrotfunksjon.

Framkomst til inntak vera 100 meter frå eksisterande skogsbilveg.

Vassveg/røyrgate

Røygata vil leggas mest mogleg rettlinja og i sin heilskap bli greve/sprengt ned slik at han ikkje vert synleg utanfrå. Traseen vil for det meste ligge i glissen blåbærbyrkeskog, myrlendt terreng og plantefelt med gran nederst. Eksisterande traktorveg på både austsida og vestsida vil brukas ved legging av røyr, mens frå kote 335 til kraftstasjonen er det planlagt ein ny permanent veg som røyret skal leggas langs, om lag 100 m.

Det er viktig at rydding av røygata skjer med minst mogleg konsekvens for det visuelle inntrykket av røygata, og at den så fort som rå vert revegetert med stadeigen vegetasjon.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vil bli plassert på vestsida av Hegreneselva, ved ca. kote 327, ca. 4,5 km frå utløpet i Jølstravatnet. Bygningen vil bli synleg frå delar av vegen, men fleire små plantefelt med gran i ulike størrelsar er med på å redusera innsynet.

Utforminga av bygg vert utført med kombinasjon av betong og tre etter lokal byggeskikk, og tilpassa terrenget.

Det er ikkje busetnad eller fritidseigedommar i umiddelbar nærleik av planlagde kraftstasjon/turbinhus, men i området før Øvrebøfossen er det bygd to hytter inne i granplantefeltet. For å redusere ulempene med støy til eit absolutt minimum bør det takast støymålingar av tilsvarande anlegg og planleggjast støydempende tiltak tilpassa topografi og værtilhøve på staden.

Plan og bygningsavdelinga har ingen vesentlege merknader til planane for kraftstasjon, men ynskjer at veggane vert forblenda med tre eller teglstein. Om treverk vert nytta bør dette være ubehandla eller i jordfargar. Angående taktekking, ynskjer avdelinga primært torv, men om stein vert nytta må denne være i ei matta utføring slik at gjenskin ikkje oppstår. Anlegget bør få ei utforming som verkar mest mogeleg støyreducerande.

Anleggsveg/tilkomstveg

Utover utbetring av allereie eksisterande veg vil tiltaket trenge lite med ny anleggsveg. Det er bygd ein traktorveg langs heile utbyggingsstrekninga både på austsida og vestsida av elva. Og det går bilveg frå Indrebø nesten heilt fram til det planlagde kraftverket på kote 327 moh. Brua over elva ved kraftverket må utbetras noko, og traktorvegen må oppgraderas og bli forlenga til stasjonen og inntaket.

Administrasjonen meiner det er positivt at mest mogleg eksisterande veg vert brukt, og at omsøkt kraftverk krev lite nybygd veg.

Tilknytning til kraftverk

Sunnfjord energi er områdekonsesjonær og har ei 22 kV distribusjonslinje på Øvrebø. Det skal byggast om lag 1400 m luftspenn fram til Kraftverksområdet, der det er tenkt jordkabel dei siste 100-200 meterane. Traseen vil dels fylgje eksisterande skogsbilveg og dels elva innover dalen.

Massedeponi for overskotsmassar

Det blir ingen nemneverdige behov for masseuttak eller deponi. Volum på overskotsmassar er berekna til ca. 7 200 m³. Massane vil bli plassert lokalt og tilpassa terrenget elles.

Kommunens vurdering av tiltakets effekt for arealbruk, landbruk og miljø

Arealbruk

Omsøkt område ligg i LNF-området etter gjeldane kommuneplan.

Midlertidig anleggsområde:

Areal-/avkastningsgrunnlaget for landbruket i området vil bli redusert med om lag 22 daa dyrka mark og 20 daa utmark med noko granfelt i anleggsperioden.

Det er i tilknytning til nettet (luftlinje) dyrka mark vert rørt ved. For å hindre varig reduksjon må matjorda skrellast av og leggjast til side før området vert teke i bruk til anleggsverksemd, og tilbakeført etter anleggsavslutning.

Permanent anlegg:

Varig arealbruk er svært minimal med 4,4 daa skrinnt utmark, og dette vil ikkje få varig tyding for jord- og skogbruk. Nokre mindre vegar er planlagde inn til inntaksdam og kraftstasjon, tilsaman mindre ein 300 meter. Vegane vil vere til nytte for bruken av jord- og skogbruksareal.

Landbruksfagleg vurdering

Det har vore busetnad i Ålhus knytta til landbruk langt tilbake i tid. Bakkemyrområda i dalane innafor Øvrebø er tidlegare nytta som slåttemark, men er no gått over til blåbærbjørkeskog og myrer. I seinare tid er jakt på hjortevilt vorte ei anna inntektskjelde til landbruket. Inngrepet vil såleis ha liten verknad på landbruket, med tanke på beiteforhold og jakt. Litt skog må hoggast, størstedelen gran.

Omsøkte kraftutbygging vil ha liten negativ innverknad på landbruk og gje gardsbuena som er del i utbygginga ei viktig tilleggssinntekt, som på sikt vil styrkje driftsgrunnlaget på gardane samt sikre framtidig busetnad i grenda. Utifrå landbruksinteressene i området ser administrasjonen planlagde utbygging av Hegreneselva som ei god og framtidretta investering. Planlagd utbygging vil medføre svært små endringar i jordbrukslandskapet.

Miljøfagleg vurdering

Miljømessige konsekvensar av tiltaket er knytt til minstevassføring, inntak, vegbygging, røyrgate og dam. Tiltaka kan tenkjast å ha verknad på flora, fauna, fiske, visuelle kvalitetar ved området og det er Aurland naturverkstad som har gjennomført kartlegging av miljøverdiar i området.

Landskap og visuelle verknadar

Av synlege verknadar vil det mest påfallande vere den reduserte vassmengda gjennom året i området mellom inntak og kraftstasjon.

Det går fram av søknaden at Øvrebøfossen er eit lokalt viktig landskapselement som er synleg frå traktorvegen som går mot Gotdalsstøylen. Fossen er også registert som viktig landskapselement i «Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging» vedteke av

fylkestinget i 2012. Den framlagte minstevassføringa saman med vassføring frå restfelta er i søknaden vurdert til å vera tilstrekkeleg for å behalda den verdfulle betydninga av Øvrebøfossen som lokalt viktig landskapselement.

Administrasjonen meiner det er naudsynt at NVE vurderer om minstevassføringa vert stor nok til at fossen forsatt vert eit viktig landskapselement.

Heile influensområde er prega av ulike menneskelege aktivitetar, i form av vegar og gran planting langs heile utbyggingstrekinga. Tiltaket vil såleis ikkje føre til reduksjon av inngrepsfrie naturområde (INON).

Influensområdet ligg ikkje langt frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og omsøkt område er ein av innfallsportane til verneområde. Omsøkt tiltak vil ikkje direkte påverke verneområdet.

Landskapsår vil verta lega etter anleggslutt med hjelp av enkle tiltak, som tilbakeføring av avdekningsmassar og tilplanting. Naturleg revegetering med spreiding av artar frå staden er å føretrekke framfor innsåing med framande artar. Administrasjonen vil påpeike viktigheita av å rydde opp etter at anleggsfasen er ferdig.

Biologisk mangfald og vilt

I konsesjonssøknaden kjem det fram at flora og fauna sjåast på som alminneleg i influensområde, men at Øvrebøfossen og kløfta i tilknytning til denne utpeikar seg som ein viktig naturverdi (verdi B). I fossesprøytonene finn ein fosseberg- og fosseeng som er raudlista naturtype, men det er ikkje påvist sjeldsynte karplante eller raudlista mosar. Ut frå rapporten har denne lite potensiale for høgare verdi, men lokaliteten er vurdert til middels verdi for biomangfald på grunnlag av den kunnskap ein i dag har.

Øvrebøelva har eit relativt lite nedbørsfelt utan stabile kjelder, og går normalt med lite vatn i tørre periodar. Dette gjer at vassmengden i Øvrebøelva varierar naturleg, og at konflikten med utbygginga reduseras noko. Restvassføringa frå Ålhuselva er også avbøtande.

Rapporten til Aurland Naturverkstad konkluderer med at det biologiske mangfaldet i influensområdet er vurdert til middels, og at reduksjon i vassføringa i elva vil vere til lite skade for naturtypene langs elva. Kommunen seier seg einig i denne konklusjonen, men syner til samla belastning, omtala i eige dokument.

Influensområdet har ikkje påviste raudlisteartar, men Oter (VU) er observert på næringssøk langs elva i to sesongar (2010 og 2011). Elles er det registrert to raudlisteartar i direkte nærleik til influensområdet, Kort trollskjegg og Strandsnipe, begge i kategorien NT. Kommunen har ikkje andre registreringar som avdekkjer eventuelle raudlisteartar, men vi kan likevel ikkje så heilt bort frå at det kan finnast.

Fossekall er observert ved Øvrebøfossen, og hekking langs elva er sannsynleg, men ikkje påvist. Reduksjon av vassføring i Øvrebøelva vil truleg redusere produksjon av vasslevande insekt noko, og dermed også redusere fødetilgang for fossekall. Det er lite rype i området, mindre bestandar enn tidlegare. Administrasjonen anser effekten av tiltaket på småviltbestandane i område som låg og ikkje betydeleg.

Elles vert området omtala som lite nytta av hjort, som ikkje har viktige trekkvegar eller spesielt viktige beiteområde. Administrasjonen har kunnskap om at området er eit viktig

sommarbeiteområde for hjort. Om vinteren trekker fleirtalet av dyra ned mot dalbotnen pga. snø og tøft vinterklima i influensområdet. Merkjeforsøk har vist at hjort kan velje å nytte seg av andre trekkveggar om dei til dømes skulle verte uroa av anleggsverksemd, men at dei ved seinare høve tek opp at gamle trekkveggar når arbeida er avslutta.

Det kjem ikkje fram av søknaden at det er beiteområde for villrein i fjella 1,5 – 2 km ifrå inntaksdammen, i oversida av Ålhusdalen og at villreinen potensielt kan nytte lågareliggende område til næringsøk. Administrasjonen kjenner derimot ikkje til at områda som vert påverka av utbygginga normalt sett nyttast av villrein.

Kommunen vil framheve at det i høve til naturtypen bekkekløft med fosseberg og fosseeng, oter og fossekall er det viktig å sjå på synergieffektar med andre utbyggingar. Dersom det vert gjeve konsesjon til alle omsøkte prosjekt i nedbørsfeltet til Jølstravatnet vil ein stor andel av natur knytt til små- og middels store elvar verte råka. Dette kan få betyding utover konsekvensane av det herved skildra tiltaket for artar som fossekall, oter og strandsnipe. Det vil og vere uheldig dersom andre av dei omsøkte prosjekta rårer fosserøyksone og bekkekløft.

Fisk og fiske

Det er ikkje kjent at det skal finnast bekkeare i elva. Den aktuelle elvestrekninga har grovt substrat og har truleg låg verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk. Avstanden til Jølstravatnet inneber at ei utbygging ikkje vil påverke eventuelle gyteforhold for storaure i elva nærare Jølstravatnet.

Jølster kommune vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt, og vurderer såleis at ei utbygging vil gje små konsekvensar for fisk og fiske.

Kulturminne og -miljø

Det ligg ikkje kjente fornminne eller registrerte bygningar i høve SEFRAK- registeret for Jølster kommune innan for sjølve utbyggingsområdet til planlagde og omsøkte kraftverk.

Friluftsliv

Planlagde og omsøkte kraftverk er del av LNF- område i kommuneplanen for Jølster. Brukarinteressene i området er jakt, bær- og soppstaking og turar. Området er ofte nytta som innfallssport til høgfjellet og Naustdal-Gjengedal landskapsvernomsråde både sommar og vinter.

I utbyggingsfasen kan ein forvente at området får redusert landskapsverdi og at det reduserer naturopplevinga. Etter attgroing ser ikkje Jølster kommune at den planlagde utbygginga vil redusera naturopplevinga som friluftsområde. Området er heller ikkje registrert i FRIDA- registeret med verken lokal og eller regional friluftsverdi.

Vurdering

Vasskraft har eit stort potensiale i Jølster. Dette er rein fornybar energi som Jølster kommune vil legge til rette for å utnytte. Om det vert gjeve konsesjon på dette kraftverket vil dette bli det tredje kraftverket i Hegreneselva.

Det er gode samfunnsmessige verknader av tiltaket. Det er planlagt at bygge-entreprisar vert sett ut til lokale entreprenørar. I tillegg vil tiltaket gje gardsbruka som er del i utbygginga ei viktig tilleggsinntekt, som på sikt vil styrkje driftsgrunnlaget på gardane samt sikre framtidig busetnad i grenda.

Tiltaket vil røre ved noko av landskapet, naturmiljøet og friluftslivet i området. Dei største konsekvensane er knytta opp mot anleggsfase, samt minstevassføring.

Minstevassføringa som er foreslått, 77 l/s, er det same som alminneleg lågvassføring, men er mindre enn 5-persentilen for sommar på 540 l/s. Det er avbøtande med restvassføringa frå Ålhuselva, som er forholdsvis stor. Jølster kommune ber likevel NVE vurdere om foreslått minstevassføringa er tilrådeleg for at landskapsverdien og naturverdiane ikkje vert redusert i for stor grad.

Vidare er det føreslege ei rekkje avbøtande tiltak utover minstevassføring, for å minimera ulempene av tiltaket. Jølster kommune meiner desse er gode tiltak, og har ikkje merknader i forhold til desse.

Området er eit mykje brukt utfarts og friluftsområde, og om det skulle verte gjeve konsesjon for bygging og drift av anlegget må installasjonar som inntak og kraftverksbygget utførast på ein måte som ikkje øydelegg desse kvalitetane ved området.

Mangelfull omtale

Det er oppgjeve i søknaden at omsøkt område ligg i Nordfjord vassområde. Dette stemmer ikkje, det riktige er at det tilhøyrar Sunnfjord vassområde.

Det er ikkje oppgjeve i søknaden at tiltaket er i nærleiken av eit beiteområde for villrein.

Konklusjon

Administrasjonen vurderer den planlagde utbygginga av Øvrebø kraftverk som relativt lite konfliktfylt og har ikkje avgjerande merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv. Administrasjonen vil tilrå at det blir gjeve konsesjon for bygging og drift av Øvrebø kraftverk, men at minstevassføring blir vurdert opp mot tap av verdi av biologisk mangfald og landskapsverdi.

Det er ikkje avgjerande merknad i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaka bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Dersom det vert gjeve konsesjon, vil det ikkje vere krav om kommunal sakshandsaming av tiltaket etter Plan og Bygningslov, jamfør SAK §7 nr. 1

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.02.2013	NVE	Oppstart av behandling av

2	I	17.01.2014	NVE	småkraftsøknader i Jølster og Gloppen kommunar Fleire søkjarar - Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring
3	I	22.01.2014	NVE	Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring - med linkar
4	I	04.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken.
5	U	14.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Svar Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken
6	U	02.04.2014	NVE	Agenda for synfaring 09.04
7	I	02.04.2014	Statens Vegvesen Region Vest	Kopi av skriv til NVE - svar til søknad om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen.



Saksutgreiing

SAKSGANG**Styre, utval, komite m.m.**

Utval for Plan og Utvikling

Møtedato**Saksnr**

Sakshandsamar: Solfrid Trå / Finn Olav Myhren	Arkiv: FA-S10	Arkivsaknr 13/273
--	------------------	----------------------

Fråsegn frå Jølster kommune, behandling av småkraftsøknader - Paulen kraftverk

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Den planlagde utbygginga av Paulen kraftverk er vurdert som lite konfliktskytt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknadar til søknaden så lenge det vert teke omsyn til områdetts kvalitetar som naturområde, og at kraftverksbyggingen ikkje vert sett opp innfor naturtypen hagemark. Med grunnlag i dette vil Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Paulen kraftverk.

Det er ikkje avgjerande merknadar i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaket bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Det vert elles synt til administrasjonens saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

Saksutgreiing:

Paulen Kraftverk SUS søker om konsesjon etter vassressurslova § 8, samt energilova for bygging og drift av Paulen kraftverk i Paulen i Jølster kommune.

Kraftverket vil nytte fallet i Storelva mellom kote 132 og kote 97. Inntaket er planlagt i utosen av Paulsvatnet og det søkjast om å regulere Paulsvatnet innfor naturleg vasstandsvariasjon på 1 meter (Mellom kote 131 og kote 132). Tilløpsrøyret skal ha ein

diameter på 1,6 meter og skal gravast ned i heile si lengd på 435 meter. Hovudsakleg i-eller langs kommunal veg. Det vert søkt om bygging av 30 meter ny veg i forbindelse med kraftstasjonen. Årsproduksjonen er estimert til 4 GWh

Søknaden skal handsamast av NVE, Noregs vassdrags- og energidirektorat, etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i jamfør nemnde lovverk. Jølster kommune har i oversendingsbrev frå NVE "Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommune, Sogn og fjordane - høyring" datert 17.01.2014 fått søknaden til uttale. Uttalefrist er 02.05.2014. Kommunen er også bede om å vurdere den samla belastinga.

Paulen kraftverk er eigd av heimelshavar på GBNR 13/ 1 – Anny Paulen. Det kjem fram i søknaden at tiltaket vil vere med på å legge til rette for at Paulen som i dag er fråflytt, igjen kan få fast busetnad.

Jølster kommune har gjennomført synfaring i det planlagde utbyggingsområdet den 09.04.2014 og har vurdert saka ut i frå dette, kjennskap til området, søknaden, kart og relevante plandokument.

Skildring av tiltaket

Minstevassføring

Det er planlagd å sleppe differensiert minstevassføring lik 5 – persentilen som er berekna til 500 l/s om sommaren og 260 l/s om vinteren.

Minstevassføringa er flaskehalsen for produksjon av vasslevande innsekt i ulike stadier, og difor og for til dømes fisk og fossefall. Det vert lagd opp til ei minstevassføring som minst tilsvarar alminneleg lågvassføring.

Vassinntak

I denne søknaden er skissert 2 ulike løysingar på vassinntak. Ved alternativ 1 er inntaket plassert i Paulsvatnet oppstraums restane av ei gamal steinbru. Inntakskammeret er planlagd med innløpsterskel, og denne skal utgjere lågaste regulerte vasstand. Slegg av minstevassføring vert då over naturleg utløp i frå Paulsvatnet eventuelt med elektromagnetisk målar frå kammeret tilbake i elva. Inntakskammeret vert etablert under bakken, og soleis ikkje synleg etter ferdigstilling.

Alternativ 2 omfattar etablering av inntak nedstraums kommunal bru. Dette er eit tradisjonelt inntak med terskel på 8 meter over elveløpet. Inntakskammer skal ha rist og arrangement for slegg av minstevassføring.

Vassveg/Røyrgate

Det er planlagd å legge 435 meter røyr med ein diameter på 1600 mm frå inntaket og ned til kraftstasjonen. Røyr gata vil ligge mellom den kommunale vegen og elva. Ein planlegg å plastra mellom vegen og røyr gata der det er behov for ein stabil trasee. Traseen vil ha ei breidde på mellom 10 og 15 meter. Det vert arrondert mot eksisterande terreng, og vert vidare beskrive i detaljplanane for anlegget om det skulle verte utbygd.

Kommunal veg vert kryssa i samråd med Jølster kommune, og etter rettingsliner for kryssing av offentleg veg. Eventuelt skada asfalt vert erstatta. Det vil verte nytta stadeigne massar for å unngå telehiv.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert bygd i betong med ein storleik på 75 m² og torv på taket. Stasjonen skal innehalde rom for turbin/generator, kontrollrom og eige rom for høgspent- trafo. Utanfor vert det opparbeida areal til parkeringsareal. Totalt arealbehov vert om lag 1 dekar. Det vert plastring ned mot elva etter behov. Tiltakshavar vert næraste nabo til anlegget. Stasjonen vert bygd med vasslås i avlaupskanalen for å hindra støy til omgjevnadane.

Plan og bygningsavdelinga har ingen vesentlege merknader til planane for kraftstasjon, men meiner tilpassinga til omgjevnadene vert betre dersom veggane vert forblenda med tre eller tegelstein.

Vegbygging

Tiltaket vil ikkje føre til vesentleg vegbygging då kommunal veg går gjennom tiltaksområdet. I vatnet, der inntaket ved alt 1 skal vere, oppstraums kommunal bru, vert eksisterande veg nytta.

Det er trong for om lag 30 meter ny veg ved kraftstasjonsområdet, denne vert tre meter brei. Løyve til ny avkøyring vert søkt Jølster kommune om i samband med detaljgodkjenning av planane.

Massetak og deponi

Det vert behov for massar til omfylling av røyrkata, då denne vert liggande i vegskråningen. Desse massane vert henta frå etablerte massetak i området, og arbeidet vert utført av lokale entreprenørar. Det vert ikkje trong for massedeponi utover det som går i røyrkata.

Nett-tilknytning

Sunnfjord energi er områdekonsesjonær, og stadfester at det er tilrettelagd for tilknytning av Paulen kraftverk. Tilknytninga skal skje ved å bruke ein 30 meter lang jordkabel.

Kommunens vurdering av tiltakets effekt for arealbruk, landbruk og miljø

Arealbruk

Omsøkt området ligger innafor LNF- område i gjeldande kommuneplan.

Mellombels behov under anleggsperiode og fram til kraftverket er ferdig og sett i drift er på 7,5 dekar. Varig arealbehov er sett til om lag 2,5 dekar

Landbruksfagleg vurdering

GBNR 13/1 Paulen har i dei siste 15 – 20 åra vore fråflytt, og fekk i 2013 vedtak om at det ikkje skulle kvile buplikt på bruket grunna at våningshusa var i for dårleg forfattning. I dag vert innmarksareala pakta vekk til aktivt drivne gardsbruk i nærleiken. Tidlegare har nok mykje av områda i nærleiken til omsøkt tiltak vore beite av både småfe og storfe.

Kommunen har kunnskap om at området i og rundt tiltaksområdet vert beite av storfe. Delar av området er også godkjend som innmarksbeite. Inngrepet vil etter administrasjonen si forståing i seg sjølv ikkje gjere til at landbruksinteressene vert råka på serleg negativ måte.

Miljøfagleg vurdering

Miljømessige konsekvensar av tiltaket kan vere knytt til minstevassføring, inntak, vegbygging, røyrgate og dam. Tiltaka kan tenkjast å ha verknad på flora, fauna, fiske og ved visuelle kvalitetar ved området. Det er firmaet Bioreg AS som har gjennomført konsekvensutgreiinga.

Landskap og visuelle verknadar

Av synleg verknadar vil det mest påfallande vere den reduserte vassmengda på elvestrengen mellom inntak og kraftstasjon.

Biologisk mangfald og vilt

Det kjem fram i søknaden at det er registrert Hubro i området. Jølster kommune er usikre på om omsøkte tiltak vil gjere vilkåra for Hubroen dårlegare. Konsekvensutgreiinga føreslår at eit avbøtande tiltak i høve til dette vil kunne vere å legge anleggsperioden utanfor hekketida for hubroen. Administrasjonen er samde i at dette kan vere eit godt tiltak. Det kjem fram i søknaden at det er registret ein sau som er tatt av gaupe i nærleiken til influensområdet. Administrasjonen meiner at dette ikkje er relevant for tiltaket sidan gauperevira i Sunnfjord er så store.

Administrasjonen har kunnskap om at Førs er eit viktig overvintringsområde for hjort. Mykje av hjorten som i delar av året har tilhald på Klakegg og Grungen trekkjer til Førs for å overvintra. Det er vidare trekk av hjort gjennom dalen i Paulen gjennom heile året. Merkjeforsøk har vist at hjort kan velje å nytte seg av andre trekkveggar om dei til dømes skulle verte uroa av anleggsverksemd, men at dei ved seinare høve tek opp at gamle trekkveggar når arbeida er avslutta.

Det vart under feltarbeidet ikkje observert Fossekall på berørde elvestrekning. Det er likevel grunn til å tru at miljøet i og rundt elva høver godt for fossekall. Søkjar meiner slepp av minstevassføring lik 5 persentilen vil vere nok til å oppretthalde livsvilkår for fossekall. Her er det nemnd at ein kan sette opp rugekassar som eit avbøtande tiltak om det for framtida skulle syne seg at det er Fossekall på berørd strekning.

Underteikna var på synfaring ved Paulsvatnet den 22.03.2014 og såg tre par med Silender og eit par Songsvanar med fire kyllingar frå i fjor. Ingen av desse er raudlista, og administrasjonen er usikker på om tiltaket vil ha negativ verknad på livsvilkåra for desse artane.

Oter vert observert innafør influensområde jamnleg.

Når det gjeld raudlisteartar har ikkje Jølster kommune noko informasjon om at det finns fleir enn det som er kome fram i tidlagre undersøkingar og under arbeidet med konsekvensutgreiinga

Fisk og fiske

Administrasjonen har ikkje kunnskap om at det har blitt gjennomført prøvafiske i Paulsvatnet. Paulsvatnet er ikkje med i felles fiskekortordning for Jølster. Det er likevel på det reine at det er aure i vatnet. Denne skal i følgje munnlege kjelde vere av god kvalitet. Det er vidare aure i elvestrengen både oppstraums og nedstraums vatnet. Administrasjonen

er usikker på kor langt fisken kan vandre begge vegar. Breimsvatnet har ein bestand av storaure, men om denne skulle gyte i Storelva vil vandringshinder gjere til at omsøkte tiltak ikkje vil kome i konflikt med dette. Det er truleg aure på strekninga mellom kraftverket og inntaket. Jølster kommune meiner at så lenge minstevassføringa på minimum 5 persentilen vert ivareteke at tiltaket ikkje i nemneverdig grad vil gå utover livsvilkåra til auren i elva. Søkjar har sjekka om det finst Ål eller Elvemusling i Storelva utan å finne desse. Administrasjonen har heller ikkje kunnskap som skulle sei noko anna.

Administrasjonen er usikker på om det er fiskekortordning for Paulsvatnet og i kor stor grad det utøvast fritidsfiske. Det er likevel på det rene at det er gode tilhøve for dette og at tilgangen til vatnet er god.

Kulturminner og miljø

Søk i Askeladden avdekkjer ikkje kulturminner innanfor influensområde, men den Trondhjemske postveg går langs heile nordsida av Paulsvatnet. På lågast punkt ligg toppen av vegen om lag 1 meter over normalvasstand. Det ligg ei steinbru oppstrøms Paulsvatnet som er ein del av den Trondhjemske postvegen og ei steinbru i nærleiken av planlagd område for inntaksarrangement. Denne siste er truleg ikkje ein del av postvegen, men heller tilkomstveg til Paulen frå vegen nede i dalen.

Det kjem fram i søknaden og konsekvensutgreiinga at det i frå før er registrert naturtypar i området som er definert som viktige. Administrasjonen viser til «Strategi og handlingsplan 2003-2006 for kulturlandskap i Sogn og Fjordane» I denne vart det sett opp ei liste over 50 prioriterte områder som var meint å vere spesielle innsatsområde i Fylket. Området i Paulen er teke med her og sett opp som områdenummer 25 med regionalt viktig verdi. Dette dokumenterer at området har verdi som kulturlandskap. Ein kan tenke seg at omsøkte tiltak vil kunne redusere denne verdien ved at kraftstasjonen er planlagd bygd innanfor område BN00017900 (Naturbasen) som hagemark med verdi som viktig. Det er likevel ikkje ein utvald naturtype. Inntaksarrangementet ligg utanfor eit anna viktig området BN0001786 (Naturbasen) med rik edellauvskog. I dette området er det fleire gamle styvingstre.

Friluftsliv

Jølster kommune veit at område rundt Paulsvatnet vert nytta av lokalbefolkninga til turgåing og generelt friluftsliv. Det er sett opp informasjonsskilt om området i nærleiken av planlagd inntaksarrangement.

Ras/skred

I søknaden kjem det fram at tiltaket ligg i og ved kommunal veg og at det ikkje vil vere utsett for ras. I aktsemdskartet for snø- og steinskred i Jølster kommune ligg heile tiltaket innfor faresonen for snø og steinskred.

Vurdering

Om det vert gjeve konsesjon på dette kraftverket vil dette bli det tredje kraftverket på strekninga frå Bolsetvatnet og ned til Breimsvatnet. Det er frå før vurdert eit kraftverk som Anny Paulen og har rettar i med konklusjon at dette ikkje var konsesjonspliktig. Dette kraftverket er planlagd med kraftstasjon i utosen i Paulsvatnet. Dette kjem i tillegg til Indrebø kraft allereie er i drift nedstrøms planlagde kraftverk i Paulen.

Søkjær legg til grunn i søknaden at om kraftverket vert realisert så kan dette gje grunnlag for fast busetnad i Paulen.

Jølster kommune vurderer tiltaket isolert sett som lite negativt for fisk, vilt, fugl og vassmiljø elles. Dette så lenge som at det vert slept minstevassføring som ikkje legg elevstrekninga tørr. Det må vidare lagast til ordningar som hindrar tørrlegging ved eventuelle driftsstopp i anlegget som til dømes omløpsventil. Vidare er det føreslege tiltak som styrd anleggdrift knytt til hekke- og rope tid for rovfugl i området.

Området er eit mykje brukt utfarts og friluftsområde, og om det skulle verte gjeve konsesjon for bygging og drift av anlegget må installasjonar som inntak og kraftverksbygget utførast på ein måte som ikkje øydelegg desse kvalitetane ved området.

Sidan store delar av tiltaksområde ligg innafør faregrensa for snø og steinskred føreset Jølster kommune at dette vert ein del av vurderingane i den vidare handsaminga av konsesjonssøknaden.

Kraftverksbygningen er planlagd innafør eit område som er sett opp i naturbasen med naturtype «Hagemark» med viktig verdi. Bygningen med tilhøyrande parkeringsareal vil ha eit arealbehov på om lag 1 daa. Jølster kommune meiner at det bør vurderast andre alternative plasseringar for å unngå at tiltaket kjem i konflikt med denne naturtypen.

Konklusjon

Med grunnlag i desse vurderingane og framlegga til avbøtande tiltak meiner Jølster kommune at utbygginga av Paulen kraftverk er lite konfliktfylt så lenge det vert teke omsyn til områdetets kvalitetar som naturområde, og at kraftverksbygningen ikkje vert sett opp innafør naturtypen hagemark. Jølster kommune har utover dette ikkje avgjerande merknadar til søknaden. Administrasjonen vil difor med grunnlag dette tilrå at det vert gjeve konsesjon for bygging og drift av Paulen kraftverk.

Det er ikkje avgjerande merknadar i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaket bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengetilhøve.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.02.2013	NVE	Oppstart av behandling av småkraftsøknader i Jølster og Gloppen kommunar
2	I	17.01.2014	NVE	Fleire søkjarar - Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring
3	I	22.01.2014	NVE	Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring - med linkar
4	I	04.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen

5	U	14.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Jølsterpakken. Svar Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen
6	U	02.04.2014	NVE	Jølsterpakken Agenda for synfaring 09.04
7	I	02.04.2014	Statens Vegvesen Region Vest	Kopi av skriv til NVE - svar til søknad om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen.



Saksutgreiing

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.

Utval for Plan og Utvikling

Møtedato

Saksnr

Sakshandsamar: Solfrid Trå / Finn Olav Myhren	Arkiv: FA-S10	Arkivsaknr 13/273
--	------------------	----------------------

Fråsegn frå Jølster kommune, behandling av småkraftsøknader - Kupekraft

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Den planlagde utbygginga av Kupekraft er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv. Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Kupekraft, men ber NVE vurdere minstevassføring opp mot tap av verdi av biologisk mangfald og landskapsverdi.

Det er ikkje avgjerande merknad i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaka bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Dersom det vert gjeve konsesjon, vil det ikkje vere krav om kommunal sakshandsaming av tiltaket etter Plan og Bygningslov, jamfør SAK §7 nr. 1

Det vert elles synt til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

Saksutgreiing:

Kupekraft SUS søker om konsesjon etter vassressurslova § 8 og energilova for bygging og drift av Kupekraft småkraftverk i Årdalselva ved Legestøylen, samt regulering av Stegsvatnet i Årdalsdalen i Jølster kommune.

Kraftverket vil nytte fallet på ei 2800/2900 meter lang strekning mellom inntaket på Stegsvatnet på kote 778 og kraftstasjonen på kote 340 moh innerst i Årdalen. Det er skissert to alternative inntak i søknaden, der det eine har inntak i enden av Stegsvatnet og det andre har inntaksdam i elva 150 m nedstrøms utløpet på Stegsvatnet. Begge alternativa opnar for regulering av Stegsvatnet. Det er planlagt røyrgate i nedgraven/nedsprengt grøft over ei strekning på 2800/2950 m. Røyrgata er tenkt plassert på vestsida av elva for å ikkje kome i konflikt med turstien frå Legestøylen til Longevasshytta. Det må lagas ein midlertidig anleggsveg langs heile røyrgata, og denne vert omgjort til traktorveg etter ferdigstilling. Berekna årleg produksjon er 30 GWh i middelproduksjon, noko som tilsvarar normalforbruket til 1500 husstandar.

Søknaden skal handsamast av NVE, Noregs vassdrags- og energidirektorat, etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i jamfør nemnde lovverk. Jølster kommune har i oversendingsbrev frå NVE "Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommune, Sogn og fjordane - høyring" datert 17.01.2014 fått søknaden til uttale. Uttalefrist er 02.05.2014. Kommunen er også bede om å vurdere den samla belastinga.

Søkjar Kupekraft SUS er organisert som eit selskap eigd av grunneigarane med fallrettar i prosjektet. Fallrettseigarane blir såleis eigarar i kraftverket, kommunen vil få ei auke i sine skatteinntekter og lokalt næringsliv vil bli nytta i både anleggs- og driftsfasen. Tiltaket vil styrkje busetnadsgrunnlaget i Årdalen for denne og neste generasjon.

Jølster kommune har gjennomført synfaring for planlagde utbyggingsområde 09.04.2014 og har vurdert saka ut frå dette, kjennskap til området, søknad, kart og relevante plandokument.

Skildring av tiltaket

Minstevassføring

Det er planlagd minstevassføring med 50 l/s om sommaren og 50 l/s om vinteren, som er alminneleg lågvassføring. Dette er ein del mindre enn 5 persentilen for sommaren på 464 l/s. Etter utbygginga vil medelvassføringa gjennom året bli redusert til 33% av naturleg vassføring på den berørte elvestrekninga.

Slukeevna (2100 l/s) til kraftverket vert på to gonger middelvassføringa i elva (1200 l/s). Restfeltet er berekna til 420 l/s. Det vil verte overløp over dammen frå april til starten av juli og under haustflaumane i september til desember, slik at elva er kun forventa å gå på minstevassføring i perioden juli-august og januar-mars.

Vassinntak

Det er skissert to alternative inntak i søknaden.

Alt. 1: Inntak ved kote 778, 150 m nedstrøms utløpet på Stegsvatnet. Her er det planlagt ein fyllingsdam som vil bli ca. 30 m lang over krona og 4 m høg på det høgaste. Oppdemt areal blir ca. 7000 m². Toppen av dammen vert 1 m over salpunktet i utløpet av Stegsvatn, og dette gjev eit samanhengande vasspeil frå Stegsvatnet til dammen og moglegheit til å regulere vatnet med 1 m innanfor den naturlege vasstandsvariasjonen.

Alt. 2: Inntak ved kote 778, Stegsvatnet, er det ønska alternativet frå søkjar, som meiner dette vil gje det minst synlege inngrepet av dei to alternativa. Røyrgata er tenkt ført gjennom

ein låg rygg like ved utlaupet på vestsida av vatnet. Eit lite lukehus vil vera synleg. Magasinet vil vera fullt i juni og ha normal sommarvasstand juli til november. Kraftverket vert kjørt på vasstandsstyring etter tilsiget slik at vasstanden i vatnet vil ligga innanfor dei naturlege variasjonane.

Det kjem fram i rapporten frå Aurland Naturverkstad, at alt 1 ikkje vil gje merkbare endringar i vintertemperatur. Ved val av alt. 2, bør uttaket gjerast høgt i vassmassane som eit avbøtande tiltak for auka vintertemperatur for fiske egga (klekker då for tidleg med dårleg næringstilgang). Dette seier Jølster kommune seg einige i, og meiner at alternativ 2 er det beste, sidan dette vert minst synleg.

Vassveg/røyrgate

Røyrgata er tenkt plassert på vestsida av elva, då turstien går på høgre. Den vert i sin heilskap greve/sprengt ned slik at han ikkje vert synleg utanfrå. For begge inntaksalternativa har røyrgata same trase opp til kote 778, men dersom ein vel inntak i vatnet vert røyrgata 150 m lenger. Traseen vil for det meste ligge i snaufjell, ur, lyngheier, bjørkekratt og utmarksbeite. Frå 600 moh og eit stykke nedover må ein hogge lauvskog for røyrgatetraseen.

Ein midlertidig anleggsveg opp til inntaket vert lagt langsmed røyrgata, slik at frå kraftstasjonen og opp til skoggrensa vert det rydda ei 15 m brei gate i tillegg til røyrgata.

Søknaden skisserar eit alternativ til den tradisjonelle røyrgata. Det er tunnel/profilboring, der borelengd er berekna til 1400 meter og påhugget er nedanfor Såtehaugen. Det er vurdert boring i to etappar, for å redusere risikoen ved boring, og då er det naudsynt med anleggsveg opp til splittpunktet. Dette alternativet er fordyrande (14 mill), teknologien er ny og såleis lite omtala vidare i søknaden.

Kommunen er einig i at tunnel alternativet ikkje er tilrådeleg.

Det er viktig at rydding av røyrgata skjer med minst mogleg konsekvens for det visuelle inntrykket av røyrgata, og at den så fort som rå vert revegetert med stadeigen vegetasjon.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen blir liggande midt mellom Svartestøylen og Legestøylen, på kote 340 moh. Plasseringa gjer minst mogleg innsyn frå Svartestøylen og Legestøylen og avstanden til stølane er god, med tanke på støy.

Bygget vert arkitektonisk utforma til å harmonere med stølsmiljøet og området elles. Det vert 90 m² stort og 1000 m² går med til heile stasjonsområde

I søknaden kjem det fram at det er lagt stor vekt på reduksjon av støy og støydempane tiltak.

Plan og bygningsavdelinga har ingen vesentlege merknader til planane for kraftstasjon, men ynskjer at veggane vert forblenda med tre eller teglstein. Om treverk vert nytta bør dette være ubehandla eller i jordfargar. Angående taktekking, ynskjer avdelinga primært torv, men om stein vert nytta må denne være i ei matta utføring slik at gjenskin ikkje oppstår. Anlegget bør få ei utforming som verkar mest mogeleg støyreducerande.

Anleggsveg/tilkomstveg

Det eksisterer i dag ein veg fram til Legestøylen, og denne må forsterkas noko.

For legging av røyr må ein ha ein midlertidig anleggsveg langsetter røyr gata og opp til inntaket. Etter ferdigstilling vert vegen redusert til traktorveg, og den skal då nyttas for tilsyn av kraftverket og eventuelt transport av skada dyr på beite.

Eitt stykke nedafor Legestøylen må det byggast ei ny permanent bru. Frå brua til kraftstasjonen må 600 m veg bli opprusta og 200 m med ny veg må lagas.

Administrasjonen ser at det er naudsynt med planlagt vegbygging. Det er positivt at planlagt anleggsveg kan bli nytta til landbruksformål i etterkant og at den då blir nedgradert til traktorveg, slik at den kan nyttas til beite, samt blir mindre synleg. Det er også positivt at eksisterande veg inn til Legestøylen vert opprusta med tanke på tilgang til stølane og beite.

Tilknytning til kraftverk

Sunnfjord energi er områdekonsesjonær og har ei 22 kV distribusjonslinje 5 km frå kraftstasjonen. Frå kraftstasjonen vil det bli lagt kabel langsetter eksisterande veg ned til Dalavatnet, deretter vidare gjennom vatnet til utlaupssona, og så opp på vestsida av vatnet. Dette for å ivareta det viktige våtmarksfugl habitatet i og rundt Dalavatnet på best mogleg vis. Frå sørenden av vatnet vil det bli luftlinje som vil følgje vestsida av dalen og vegen ned til eksisterande 22 kV linje. Eventuelt vil ein i samarbeid med Sunnfjord Energi Nett ta krafta over Jølstravatnet i sjøkabel og jordkabel mot Myklebust trafostasjon. Totalt vert det 4,2 km med kabelgrøft og 850 m med kraftlinje.

Jølster kommune tykkjer foreslått løysing verkar fornuftig med tanke på minst mogleg naturmessige inngrep både i dalen og i Dalevatnet, slik at fugle og dyrelivet vert ivareteke på ein god måte. Kommunen meiner vidare at det bør vurderas om det er mogleg å ha jordkabel også i nedre del av utførsletrassen, av omsyn til våtmarksfugl.

Massedeponi for overskotsmassar

Det blir ingen nemneverdige behov for masseuttak og avgrensa behov for deponi. Overskotsmassane vil bli deponert og arrondert i eksisterande ras kjegler og tilpassa terrenget elles.

Kommunens vurdering av tiltakets effekt for arealbruk, landbruk og miljø

Arealbruk

Omsøkt område ligg i LNF-området etter gjeldane kommuneplan.

Midlertidig anleggsområde:

Areal-/avkastningsgrunnlaget for landbruket i området vil bli redusert med om lag 67,3 daa utmark i anleggsperioden.

Det er i tilknytning til røyr gata, vegar og nett tilknytning at det vert berørt mest utmark i anleggsperioden. Kraftlinja vil gå 650 m i utmark og gjennom plantefelt. Det må hoggast noko skog i forbindelse med tiltaket.

Permanent anlegg:

Varig arealbruk er minimal med 24,3 daa utmark, og dette vil ikkje få varig tyding for jord- og skogbruk. Traktorvegen blir ikkje grusa og vil gro igjen og kunne nyttas som beiteområde.

Landbruksfagleg vurdering

Det har vore busetnad i Årdalen knytta til landbruk langt tilbake i tid. Område frå Legestøylen og oppover mot Stegsvatn vert nytta til beiteområde for sau og storfe. Beitinga føregår i all hovudsak på austsida av elva og vil såleis ikkje verte påverka under byggeperioden. Inngrepet vil såleis ha positiv verknad for landbruket, med tanke på lettare tilgang til beiteforhold. Litt skog må hoggast.

Omsøkte kraftutbygging vil gje gardsbruka som er del i utbygginga ei viktig tilleggsinntekt, som på sikt vil styrkje driftsgrunnlaget på gardane samt sikre framtidig busetnad i grenda. Utifrå landbruksinteressene i området ser administrasjonen planlagde utbygging av Årdalselva som ei god og framtidretta investering. Planlagd utbygging vil medføre svært små endringar i jordbrukslandskapet.

Miljøfagleg vurdering

Miljømessige konsekvensar av tiltaket er knytt til minstevassføring, inntak, vegbygging, røyrgate og dam. Tiltaka kan tenkjast å ha verknad på flora, fauna, fiske, visuelle kvalitetar ved området og det er Aurland naturverkstad som har gjennomført kartlegging av miljøverdiar i området.

Landskap og visuelle verknadar

Dalen er ein typisk udal med bratte dalsider. Området frå Stegsvatn til stølane er prega av snaufjell med overgang til lynghei, og fjellbjørkeskog/lauvskog ved 600 moh. Rundt stølane er det meir opne områder og naturbeitemark. Frå stølane og ned i dalen er dalsidene prega av plantefelt for gran.

Med alternativ 1, dam 150 m nedanfor Stegsvatnet, vil dammen bli plassert i eit naturleg klyp i terrenget og sjølve damkonstruksjonen vil ikkje verta synleg frå stien eller vatnet. Med alternativ 2, vil det einaste synlege elementet vera eit lukehus.

Reguleringa av Stegsvatnet vil vera innanfor naturleg årsvariasjon og såleis ikkje lage noko «sørgerand» ut over det som er naturleg.

Nedre delar av influensområde er prega av ulike menneskelege aktivitetar, i form av vegar, gran planting og stølsmiljø. Kraftstasjonen ligg utanfor INON område i Årdalen, medan det planlagde inntaket ved Stegsvatn ligg 1,1 km inne i sone 2. Den nedgravde røyrgata vert ikkje definert som tyngre teknisk inngrep i INON samanheng, medan traktorvegen langsmed røyrgata blir det. Tiltaket vil såleis føre til reduksjon av inngrepsfrie naturområde (INON) sone 2.

Inntaket i vatnet (alt. 2) ligg innanfor grensa til landskapsvernområde for Naustdal/Gjengedal. Forskrifta for verneområdet gjev tilgang til regulering av Stegsvatnet dersom vassreguleringa skjer innanfor naturleg årsvariasjon, noko søkjar har tatt høgde for. Omsøkt område er ein av dei viktigaste innfallsportane til verneområde. Tiltaket vil mest sannsynleg vera lite synleg frå stien, og såleis ikkje redusere naturopplevinga nemneverdig.

Av synlege verknader vil det mest påfallande vere den reduserte vassmengda gjennom året i området mellom inntak og kraftstasjon. Landskapssår vil verta lega etter anleggslutt med hjelp av enkle tiltak, som tilbakeføring av avdekningsmassar. Naturleg revegetering med spreing av artar frå staden er å føretrekke framfor innsåing med framande artar. Administrasjonen vil påpeike viktigheita av å rydde opp etter at anleggsfasen er ferdig.

Biologisk mangfald og vilt

I konsesjonssøknaden kjem det fram at det ikkje er venta store endringar i flora og fauna som følgje av tiltaket.

Ut frå rapporten er Dalevatnet ein viktig (B-verdi) våtmarkslokalitet, for vade- og andefugl. Fossefall hekkar med stor sikkerheit i nedre delar av elva. Elva vert nytta til overvintring, og rapporten vurderer at elva har lite-middels verdi for fossefall.

Det er også kartlagt at naturbeitemarka ved Legestølen er ein lokalt viktig naturtype (verdi C), men at den har potensiale for høgare verdi, sidan potensiale for beitemarksopp ikkje har vorte godt nok undersøkt.

Influensområdet har tre påviste raudlisteartar; vipe, fiskemåke og strandsnipe, alle i kategorien NT. Kommunen har ikkje andre registreringar som avdekkjer eventuelle raudlisteartar, men vi kan likevel ikkje så heilt bort frå at det kan finnast.

Ein har jaktbare bestandar av rype i dalen, og det er observert kongeørn og kvitryggspett. Administrasjonen anser effekten av tiltaket på småviltbestandane i område som låg og ikkje betydeleg, det same for kongeørn og kvitryggspett.

Elles vert omsøkt område omtala som lite nytta av hjort, og har ikkje viktige trekkvegar eller spesielt viktige beiteområde. Lenger ned i dalen er det derimot mykje hjort, men tiltaket vil ikkje påverke dette.

Det kjem fram i søknaden at beiteområde for villrein i fjella ovanfor er utanfor influensområde. Det kjem ikkje fram at villreinen potensielt kan nytte lågareliggende område til næringssøk, men administrasjonen kjenner derimot ikkje til at områda som vert påverka av utbygginga normalt sett nyttast av villrein.

Rapporten til Aurland Naturverkstad vurderer det biologiske mangfaldet til noko over middels, og konkluderer med at tiltaket vil gje ein liten til middels negativ konsekvens for det biologiske mangfaldet. Legging av kabel i Dalevatnet vil berøre vatnet, men det er ikkje venta alvorlege konsekvensar av dette. Luftspennet frå Dalevatnet kan kome i noko konflikt med fugl som held til i vatnet, og Strandsnipa ved Legestølen vil få noko redusert næringstilgang. Naturbeitemarka vil ikkje verta råka av inngrep i samband med tiltaket.

Redusert vassførsle vil redusere næringstilgangen til fossefallet. Det er avbøtande at vår og forsommar vil ha overløp på dammen, slik at ein får ein del vatn i hekketida. Det vil framleis vera gode næringshøve med hekke- og overvintringsplassar nedover elva.

Kommunen seier seg einig i denne konklusjonen, men syner til samla belastning, omtala i eige dokument. Av omsyn til våtmarksfugl bør ein vurdere om det er mogleg å ha jordkabel også i nedre del av utførsletrassen.

Fisk og fiske

I følgje grunneigarane er det for tida dårleg fiske i Stegsvatnet. Dei siste 20 åra er det ikkje fiska mellom Stegsvatnet og Legestøylen i følgje søknaden (grunneigarane). Fisken går opp Årdalselva fram til eit fossestryk ved Legestøylen og den planlagde inngrepet vil øydelegge fisket der, og vil og vera øydeleggande for gytetilhøva ved Legestøylen. Den planlagde kulpen ved utsleppspunktet vil bøte på dette. Det er mange fine gyteplassar heile vegen mellom Dalavatnet og Legestøylen, og her er ikkje tiltaket i direkte kontakt med elva og påverkar såleis ikkje forholda for fisken.

I Dalevatnet fins det det stor stamme av aure, men det er for stor tettleik og fisken er liten. Tiltaket vil ikkje påverke forholda nemneverdig her. Den lange avstanden til Jølstravatnet inneber at ei utbygging ikkje vil påverke eventuelle gyteforhold for storaure i elva nærare Jølstravatnet.

Jølster kommune vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt, og vurderer såleis at ei utbygging vil gje små til middels konsekvensar for fisk og fiske.

Kulturminne og -miljø

Det ligg ikkje kjente automatisk freda kulturminne i utbyggingsområde. Nyare tids kulturminne som stølsområda ved Legestøylen er ikkje regulert til verneformål etter plan og bygningslova.

Friluftsliv

Planlagde og omsøkte kraftverk er del av LNF- område i kommuneplanen for Jølster. Området er ofte nytta til tur og som innfallsport til høgfjellet og Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde både sommar og vinter. Det er fleire hytter i dalbotnen. Området er registrert i FRIDA- registeret med lokal og eller regional friluftsverdi.

I utbyggingsfasen kan ein forvente at området får redusert landskapsverdi og at det reduserer naturopplevinga. Etter attgroing ser ikkje Jølster kommune at den planlagde utbygginga vil redusera naturopplevinga som friluftsområde, sidan inngrepet vert gjort på vestsida av elva og turstien går på høgde.

Det kjem ikkje fram av søknaden om regulering av Stegsvatnet vil få betydning for sikkerhet/stabilitet av isen på vatnet, slik at ferdelsåra til Longevasshytta over isen vinterstid forsatt kan nyttas.

Vurdering

Vasskraft har eit stort potensiale i Jølster. Dette er rein fornybar energi som Jølster kommune vil legge til rette for å utnytte. Om det vert gjeve konsesjon på dette kraftverket vil dette bli det tredje kraftverket i Årdalselva.

Det er gode samfunnsmessige verknader av tiltaket. Det er planlagt at bygge-entreprisar vert sett ut til lokale entreprenørar. I tillegg vil tiltaket gje gardsbruka som er del i utbygginga ei viktig tilleggsinntekt, som på sikt vil styrkje driftsgrunnlaget på gardane samt sikre framtidig busetnad i grenda.

Utbygging av Årdalselva vil saman med andre omsøkte kraftverk i kommunen vere med å utløyse ein oppgradering av nettet, noko som er positivt for forsyningssikkerheten til området.

Minstevassføringa som er foreslått, 50 l/s, er det same som alminneleg lågvassføring, men ein del mindre enn 5 persentilen for sommaren på 464 l/s . Kraftverket vil ha overløp i snøsmeltinga frå april til juni og under haustflaumane som saman med mistevassføringa og resttilsaget nedstrøms inntaket vil sikre dynamikk og variasjon i vassdraget. Jølster kommune ber NVE vurdere om foreslått minstevassføringa er tilrådeleg for at naturverdiane og landskapsverdiane ikkje vert redusert i for stor grad.

Vidare er det føreslege ei rekkje avbøtande tiltak utover minstevassføring, for å minimera ulempene av tiltaket. Det mest omfattande tiltaket av desse, er å legge røytraseen på vestsida av dalen, for å minske konfliktnivået med turgåarar i området. I tillegg kjem andre avbøtande tiltak med tanke på naturverdiar, estetikk og støy. Jølster kommune meiner føreslåtte tiltak er gode, og har ikkje merknader eller suppleringar i forhold til desse.

Mangelfull omtale

I søknaden er det konkludert med at luftlinja frå enden av Dalevatnet og ned til 22 kV linja ikkje har konsekvensar for fuglelivet. Dette strider med konklusjonen i rapporten til Aurland Naturverkstad, som anbefaler å legge kabel i staden.

Konklusjon

Administrasjonen vurderer den planlagde utbygginga av Kupekraft som lite konfliktskyt og har ikkje avgjerande merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv. Administrasjonen vil tilrå at det blir gjeve konsesjon for bygging og drift av Kupekraft, men at minstevassføring blir vurdert opp mot tap av verdi av biologisk mangfald og landskapsverdi.

Det er ikkje avgjerande merknad i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaka bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Dersom det vert gjeve konsesjon, vil det ikkje vere krav om kommunal sakshandsaming av tiltaket etter Plan og Bygningslov, jamfør SAK §7 nr. 1

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.02.2013	NVE	Oppstart av behandling av småkraftsøknader i Jølster og Gloppen kommunar
2	I	17.01.2014	NVE	Fleire søkjarar - Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring
3	I	22.01.2014	NVE	Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring - med linkar
4	I	04.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken.
5	U	14.03.2014	Sogn og Fjordane	Svar Ang. søknader om å bygge sju

			Ffylkeskommune	småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken
6	U	02.04.2014	NVE	Agenda for synfaring 09.04
7	I	02.04.2014	Statens Vegvesen Region Vest	Kopi av skriv til NVE - svar til søknad om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen.



Saksutgreiing

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.

Utval for Plan og Utvikling

Møtedato

Saksnr

Sakshandsamar: Solfrid Trå / Finn Olav Myhren	Arkiv: FA-S10	Arkivsaknr 13/273
--	------------------	----------------------

Fråsegn frå Jølster kommune, behandling av småkraftsøknader - Helgheim kraftverk

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Den planlagde utbygginga av Helgheim kraftverk er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv. Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Helgheim kraftverk, men at minstevassføring blir vurdert opp mot tap av verdi av biologisk mangfald. Ein bør også vurdere dei avbøtande tiltaka knytta til gyteforholda, og at desse vert brukt som vilkår for konsesjon.

Det er ikkje avgjerande merknad i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaka bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Dersom det vert gjeve konsesjon, vil det ikkje vere krav om kommunal sakshandsaming av tiltaket etter Plan og Bygningslov, jamfør SAK §7 nr. 1

Det vert elles synt til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

Saksutgreiing:

Helgheim kraftverk SUS søker om konsesjon etter vassressurslova § 8 og energilova for bygging og drift av Helgheim kraftverk i Helgheimselva i Jølster kommune, samt overføring av vatn frå Stølselva til Helgheimelva.

Kraftverket vil nytte fallet på ei 1300 meter lang strekning mellom inntaket på kote 469 i Helgheimsdalen og kraftstasjonen på kote 214 moh (7 m over Jølstravatnet) ved Helgheim kyrkje på oppsida av E39. Det er planlagt ei overføring (ca. 300m) av Stølselva som kjem frå Husstøylen og over til inntaket i Helgheimselva. Røygata vert gravd ned i sin heilskap over ei strekning på 1300 m. Det må byggast ein 50 meter lang veg frå eksisterande skogsveg til inntaket. Berekna årleg produksjon er 7,4 GWh i middelproduksjon, noko som tilsvarar normalforbruket til 370 husstandar.

Søknaden skal handsamast av NVE, Noregs vassdrags- og energidirektorat, etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i jamfør nemnde lovverk. Jølster kommune har i oversendingsbrev frå NVE "Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommune, Sogn og fjordane - høyring" datert 17.01.2014 fått søknaden til uttale. Uttalefrist er 02.05.2014. Kommunen er også bede om å vurdere den samla belastinga.

Søklar Helgheim kraftverk SUS er organisert som eit selskap eigd av grunneigarane med fallrettar i prosjektet. Fallrettseigarane blir såleis eigarar i kraftverket, kommunen vil få ei auke i sine skatteinntekter og lokalt næringsliv vil bli nytta i både anleggs- og driftsfasen. Tiltaket vil styrkje busetnadsgrunnlaget på Helgheim for denne og neste generasjon.

Jølster kommune har gjennomført synfaring for planlagde utbyggingsområde 09.04.2014 og har vurdert saka ut frå dette, kjennskap til området, søknad, kart og relevante plandokument.

Skildring av tiltaket

Minstevassføring

Det er planlagt årleg minstevassføring for Helgheimselva på 40 l/s og 10 l/s for Støylselva, til saman 50 l/s. Dette er meir enn alminneleg lågvassføring, som er berekna til 29 l/s, og litt over 5 persentilen for sommaren på 45 l/s.

Ved middelsvassføring vil ein få overløp i mai, juni og dels i byrjinga av juli, i tillegg til at ein får noko overvatn i haustflaumar i september og oktober. Utanom dette vil restvassføringa bestå av tilsiget frå restfeltet mellom inntak og kraftstasjon. Restfeltet er berekna til å gje eit tilsig på 90 l/s. I tørre periodar vert restvassføringa mindre enn dette.

Etter utbygginga vil medelvassføringa gjennom året bli redusert til 48 % av naturleg vassføring på den berørte elvestrekninga.

Kraftverket vil ha ei maks slukeevne på 1300 l/s, og minimum 130 l/s. Dette betyr at i eitt middels år vil antal dagar med vassføring lågare enn minste slukeevne og minstevassføring vera 111, og anlegget vil då vera ute av drift.

Nedbørsfeltet til inntaket er 10 km² (inkl. Stølselva), og har liten naturleg sjølvregulering. Den einaste innsjøen i feltet ligg høgt oppe og har lite overflate areal. Dette gjer at

vassføringa har stor variasjonsbredde med spisse flaumverdiar og lange tørre periodar med lite vatn.

Vassinntak

Inntaket i Helgheimselva skal plasserast på kote 469 og det er planlagt ein dam med kronebredde på 25 m og høgde på ca. 3 m. Dammen vert bygd av betong med tappeluke og arrangement for slepping av minstevassføring. Toppen av dammen vil kome i same høgde som det flate terrenget på høgre breidd, og såleis verte lite synleg. Neddemt areal blir på ca. 800 m².

Det er planlagt ei overføring frå Stølselva på kote 486 med ein sperredam på ca. 5 m utført i betong. Dammen blir liggande i byrjinga av den djupe bekkekløftformasjonen som elva renn i ca. 500m lengde. Dammen blir ca. 1-2 m høg og oppdemt areal blir 50 m², og blir utstyrt med tappeluke og arrangement for slepping av minstevassføring.

Mellom dammen i Stølselva og til oppstrøms dammen i Helgheimselva vil det bli lagt eit anleggsrøyr på ca. 350 m.

Vassveg/røyrgate

Røyrgata er tenkt plassert på vestsida av elva. Den vert i sin heilskap greve ned slik at han ikkje vert synleg utanfrå. Det er stort sett lausmassar heile vegen. Dei første 500 m går røyrgata gjennom utmark/beitemark med lauvskog, og forset gjennom eit plantefelt med gran i 250 m før den går over dyrka mark dei siste 550 m. Det må hoggast skog i der røyrgata går gjennom granfelt og lauvskog.

Det er viktig at rydding av røyrgata skjer med minst mogleg konsekvens for det visuelle inntrykket av røyrgata, og at den så fort som rå vert revegetert med stadeigen vegetasjon og tilsådd som før tiltaket. I granfeltet må toppen av røyrgata vera open, ca 5 m bredde, medan resten kan plantas til igjen.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er tenkt plassert inn i bakken på kote 214, like oppstrøms to små øyer som ligg midt i elveløpet, ca. 160 m opp i frå Jølstravatnet. Det vil ligge 70 m frå nærmaste bustad.

Bygget vert utført i betong og vert 75 m² stort. Nødvendig areal til kraftstasjonen blir ca. 900 m². I søknaden kjem det fram at det er lagt stor vekt på reduksjon av støy og støydempane tiltak.

Plan og bygningsavdelinga har følgjande merknader til utforming av kraftstasjonen. Ut frå estetikken i området er det lite ynskjeleg med eit reint betongbygg. Plan- og bygg ynskjer difor at veggane vert forblenda med tre eller teglstein. Om treverk vert nytta bør dette være ubehandla eller i jordfargar. Det er ikkje sagt noko om takteking. Avdelinga ynskjer primært torv, men om stein vert nytta må denne være i ei matta utføring slik at gjenskin ikkje oppstår. Anlegget bør få ei utforming som verkar mest mogeleg støyreduserande.

Anleggsveg/tilkomstveg

Tilkomst til anlegget vil skje via E39 og eksisterande vegar oppover Helgheimsdalen på begge sider. Vegen til Helgheimsstøylen går forbi området der inntaket er tenkt, slik at det kun blir nødvendig med 50 m med ny veg fram til inntaket.

Fram til kraftstasjonen fins det allereie ein veg frå E39 på 140 m, men denne må utbetras for å kunne frakte tunge kolli. Eit anna alternativ er å bygge bru frå parkeringsplassen ved kyrkja over elva , og då vert det 75 m bru/veg som må byggast.

Administrasjonen meiner det er positivt at mest mogleg eksisterande veg vert brukt, og at omsøkt kraftverk krev lite nybygd veg. Av alternativa for veg til kraftverket synes kommunen den beste løysninga vil vera det eksisterande alternativet.

Tilknyting til kraftverk

Sunnfjord energi er områdekonsesjonær og har ei 22 kV distribusjonslinje frå Helgheim til Skei, og det må påreknas oppgradering av denne. Det står i dag ein trafo der kraftstasjonen er planlagt. Denne er knytt til eksisterande 22 kV linje som forsynar Helgheim med energi. Straumen blir ført frå kraftstasjonen via ein 50m nedgrave kabel til den eksisterande 22kV linja.

Massedeponi for overskotsmassar

Det er planlagt eit midlertidig massetak på eigedom gnr. 6 bnr. 1. Det aktuelle området ligg 150 m aust om tunet på garden på kote 250.

Kommunens vurdering av tiltakets effekt for arealbruk, landbruk og miljø

Arealbruk

Omsøkt område ligg i LNF-området etter gjeldane kommuneplan.

Midlertidig anleggsområde:

Areal-/avkastningsgrunnlaget for landbruket i området vil bli redusert med om lag 13 daa innmark og 20 daa utmark i anleggsperioden.

Det er i tilknyting til røyrgata at det vert berørt mest innmark og utmark i anleggsperioden. Etter anlegget er satt i drift vil innmarka bli sådd til og igjen kunne nyttas til jordbruksformål. Granfeltet kan plantas til på ny, men eitt 5 m belte på toppen av røyrgata må haldas oppe, dette legg beslag på 1250 m³.

Permanent anlegg:

Varig arealbruk er svært minimal med 1 daa innmark og 2,5 daa utmark, og dette vil ikkje få varig tyding for jord- og skogbruk. Innmarka som kraftstasjonen skal plasseras på, er i dag ikkje nytta i jordbruksamanheng.

Landbruksfagleg vurdering

Bygda er i dag i all hovudsak ei jordbruksbygd. Det er aktiv gardsdrift på begge sider av elva og det er planta mykje gran i dalsida opp mot Huusstøylen og i dalsida mot Grånibba – Såtefjellet. Dalen vidare oppover har vore nytta som utmarksbeite heile vegen opp til fjells. I anleggsperioden vil bygginga påverke drifta av gnr. 6 bnr. 1, då røyrgata vil gå over dyrka mark der. Det kjem fram av søknaden at ein vil søkje å bygge denne delen av røyrgata på ei tid av året då konflikta med drifta av gardsbruket blir minst mogleg.

Omsøkte kraftutbygging vil gje gardsbruka som er del i utbygginga ei viktig tilleggsinntekt, som på sikt vil styrkje driftsgrunnlaget på gardane samt sikre framtidig busetnad i grenda. Utifrå landbruksinteressene i området ser administrasjonen planlagde utbygging av Helgheimselva som ei god og framtidsretta investering. Planlagd utbygging vil medføre svært små endringar i jordbrukslandskapet.

Miljøfagleg vurdering

Miljømessige konsekvensar av tiltaket er knytt til minstevassføring, inntak, vegbygging, røyrgate og dam. Tiltaka kan tenkjast å ha verknad på flora, fauna, fiske, visuelle kvalitetar ved området og det er Aurland naturverkstad som har gjennomført kartlegging av miljøverdiar i området.

Landskap og visuelle verknadar

Området har typisk vestlandsnatur. Elva ligg godt skjult i skogen og har ingen synlege fossefall og stryk. Nedre del av tiltaksområde består av beitemark/innmark. Øvre delar er utmark med store plantefelt med gran. Det mest synlege inngrepet vil bli røyrgatetraseen gjennom granfelta.

Inntaket til kraftverket ligg om lag i tregrensa på 470 moh og i eitt flatt myrlendt område. Inntaksdammen vil ligge i flukt med terrenget og bli lite synleg.

Heile influensområde er prega av ulike menneskelege aktivitetar, i form av vegar, gran planting og dyrka mark langs heile utbyggingstrekninga. Tiltaket vil såleis ikkje føre til reduksjon av inngrepsfrie naturområde (INON).

Etter anlegget er ferdig vil det ikkje gi nokon endringar i bruken av området. Røyrgate traseen vil bli tilsådd og arrondert slik at terrenget får tilbake si opphavlege form. Administrasjonen vil påpeike viktigheita av å rydde opp etter at anleggsfasen er ferdig.

Biologisk mangfald og vilt

Området har totalt sett høvesvis alminneleg natur i høve til region og vegetasjonssone. Viktige naturverdiar i området er førekomsten av gytekulpar for aure og bekkekløftlokaltet i Stølselva. Bekkekløfta har verdi C og vart kartlagt under synfaring i samband med rapporten.

Det er ikkje registreingar av raudlisteartar innanfor bekkekløfta og elles i influensområdet. Næringssøk av strandsnipe (NT) og kongeørn er sannsynleg, og det vart registrert fossefall under synfaring nedst i elva. Det er lite tilgjengeleg kunnskap om fugl spesifikt for Helgheimsdalen.

Potensialet for nye funn av raudlisteartar er vurdert som lågt til moderat. Kommunen har ikkje andre registreringar som avdekkjer eventuelle raudlisteartar.

Det kjem fram i søknaden at beiteområde for villrein i fjella ovanfor er utanfor influensområde. Det kjem ikkje fram at villreinen potensielt kan nytte lågareliggande område til næringssøk, men administrasjonen kjenner derimot ikkje til at områda som vert påverka av utbygginga normalt sett nyttast av villrein.

Elles vert omsøkt området omtala som lite nytta av hjort, og har ikkje viktige trekkvegar eller spesielt viktige beiteområde.

Rapporten til Aurland Naturverkstad vurderer samla verdi for influensområdet som stor. Utslagsgjevande for vurderinga er gytelokaliteten for storaure. Inntaksdammen i Helgheimselva, nedgraving av røyrgate og bygging av kraftstasjon vil ikkje råke naturtypar av særleg høg verdi. Skadeomfanget av inngrepa i bekkekløftsamfunnet vert rekna som små til middels. Skaden på gytetilhøva vil ikkje vere graverande, han vert her vurdert å ha lite til middels omfang. Samla omfang vert då lite til middels. Tiltaket vil ut frå det ovanforståande få ein liten negativ konsekvens for biologisk mangfald.

Kommunen seier seg einig i denne konklusjonen. Jølster kommune meiner det er avgjerande at dei avbøtande tiltaka knytta til gyttestrekninga vert gjennomført. Kommenen syner også til samla belastning, omtala i eige dokument.

Dersom det vert gjeve konsesjon til alle omsøkte prosjekt i nedbørsfeltet til Jølstravatnet vil ein stor andel av natur knytt til små- og middels store elvar verte råka. Dette kan få betyding utover konsekvensane av det herved skildra tiltaket for artar som fossefall, oter og strandsnipe, samt gyteplassar for aure.

Fisk og fiske

Elva har førekomst av gyting av aure frå Jølstravatnet. Den aktuelle strekninga er kort, men i følgje rapporten frå Aurland Naturverkstad er slike mindre elvar langs vatnet viktige for gytinga til Jølstrauren. Elvestrekninga vert verdsett som svært viktig for biologisk mangfald etter DN handbok 15.

Jølstravatnet er ein av få ferskvatn sjøar i Noreg med storaurestamme, og nokon av dei største aurane som er teke i landet kjem frå Jølster. Kvaliteten på fisken er god og det er eit utbreidd nærings- og rekreasjonsfiske i vatnet og vassdraget. Administrasjonen vil serleg nemne at utlaupsosane frå bekker og elver som drenerer ned i vatnet er spesielt gode fiskeplassar, og Helgheimselva er ikkje noko unntak.

Det er gjort mykje grunnlagsarbeid med fisken i Jølster og siste store rapport kom i 2008 : (Fiskeundersøkingar i Kjøsnestjorden og Jølstravatnet 2001 – 2008. Sægrov. H. 2008). I denne kan ein lese at det gjennom genstudiar vart påvist minst tre grupper av aure med stor grad av genetisk reproduktiv isolasjon, og desse hovudgruppene er også ulike økologisk ved skilnadar i gytehabitat, gytetid og delvis habitatbruk (Hindar og Balstad 2000). Dette tyder på at auren gyt der hann vert fødd. Det er vidare nemnd i rapporten at det ikkje er kjend at ein har observert eller fanga storaure på gyteplassar i vatnet eller innløpselver i gytetida, men det er derimot godt kjend i Jølster at storauren gyt i Jølstra (utløpselva). Dette er og i tråd med kva ein har funne ut i andre storaurebestandar, altså at det er utløpselvane som er dei viktigaste gyteelvane for storaure. Desse er normalt sett og dei mest næringsrike. Det er på det reine at storaure kan gå opp i innløpselvene, også Helgheimselva, på næringsssøk, men det er i følgje tilgjengeleg kunnskap ikkje mykje truleg at Helgheimselva vert nytta til gyting av storaure.

Skulle det derimot for framtida syne seg at storauren nyttar Helgheimselva til gyting, må effekten av mindre vassføring gjerast greie for av fiskefagleg kompetanse. Og det må då etter administrasjonen sitt syn settast i verk relevante tiltak for å avbøte eventuelle skadeverknader.

Kraftverket er trekt litt opp i elva for å ikkje kome i konflikt med det som kan vera ei gyttestrekning for auren i Jølstravatnet. Anlegget skal prosjekterast med omlaupsventil for å sikre tilstrekkeleg vassføring for fisken i elva ved stopp i anlegget. Og ein vurderer å bygge tersklar nedstrøms kraftverket for å halde oppe vasspegelen.

Plasseringa av kraftstasjonen ved kvote 214 moh vil ikkje påverke verdien av Helgheimselva i høve til fiske gitt at det gjennom året er så stabil vassføring som mogeleg. Dette med bakgrunn i at det meste av fiske skjer nedstraums planlagde kraftstasjon. Med 200 meter av den nedre delen av Helgheimselva intakt nedstraums planlagde kraftstasjon vil auren fortsatt få god moglegheit til å gyte samt gje yngel gode oppvekstvilkår i Helgheimselva. Truleg er fiskeproduksjonen ovanfor planlagde kraftstasjon om lag lik null, og det av fisk som finst i denne elvestrekninga har dårleg kvalitet og utgjer ein svært liten stamme.

Kulturminne og -miljø

Fleire av bygningane på Helgheimsstøylen og Husstøylen er registert i SEFRAK databasen, likeeins ulike restar etter bygningar. Ingen av dei er i nærleiken av det planlagde kraftverket. Det ligg ikkje kjente automatisk freda kulturminne i utbyggingsområde.

Friluftsliv

Planlagde og omsøkte kraftverk er del av LNF- område i kommuneplanen for Jølster. Jølstravatnet er klassifisert som lokalt viktig friluftsområde i FRIDA databasen. Sidan kraftverket ligg 160 m opp i elva og på motsett side av E39, er det ikkje konflikt mellom det planlagde kraftverket og friluftinteressene knytta til Jølstravatnet.

Det kjem fram av søknaden at det er i hovudsak bygdefolk som nyttar Helgheimsdalen til friluftsliv, fjelltrim og jakt. Dei eksisterande vegane gjer Helgheimsdalen tilgjengelig, og stølane blir nytta som utgangspunkt for vidare ferdsel. Om vinteren kan Helgheimsdalen vere innfallsport for skiturar til Skjorta og andre fjell i området.

Vurdering

Vasskraft har eit stort potensiale i Jølster. Dette er rein fornybar energi som Jølster kommune vil legge til rette for å utnytte.

Det er gode samfunnsmessige verknaden av tiltaket. Det er planlagt at bygge-entreprisar vert sett ut til lokale entreprenørar. I tillegg vil tiltaket gje gardsbruka som er del i utbygginga ei viktig tilleggsinntekt, som på sikt vil styrkje driftsgrunnlaget på gardane samt sikre framtidig busetnad i grenda.

Helgheimselva vil saman med andre omsøkte kraftverk i kommunen vere med å utløyse ein oppgradering av nettet, noko som er positivt for forsyningssikkerheten til området.

Minstevassføringa som er foreslått, 50 l/s, er meir enn alminneleg lågvassføring på 29 l/s, og litt over 5 persentilen for sommaren på 45 l/s. Kraftverket vil ha overløp i snøsmeltinga frå april til juni og under haustflaumane som saman med mistevassføringa og resttilsaget nedstrøms inntaket vil sikre dynamikk og variasjon i vassdraget. Jølster kommune ber NVE vurdere om foreslått minstevassføringa er tilrådeleg for at naturverdiane ikkje vert redusert i for stor grad. Eit aktuelt tiltak kan vera at Stølselva ikkje blir ein del av anlegget, slik at bekkekløfta vert bevart og tilførsel av restvassføring vert større.

Vidare er det føreslege ei rekkje avbøtande tiltak utover minstevassføring, for å minimera ulempene av tiltaket i forhold til gyteforholda. Jølster kommune meiner desse er gode tiltak,

og har ikkje merknader eller suppleringar i forhold til desse. I tillegg kjem andre avbøtande tiltak med tanke på estetikk og støy.

Konklusjon

Administrasjonen vurderer den planlagde utbygginga av Helgheim kraftverk som lite konfliktfylt og har ikkje avgjerande merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv. Administrasjonen vil tilrå at det blir gjeve konsesjon for bygging og drift av Helgheim kraftverk, men at minstevassføring blir vurdert opp mot tap av verdi av biologisk mangfald. Ein bør også vurdere dei avbøtande tiltaka knytta til gyteforholda, og at desse vert brukt som vilkår for konsesjon.

Det er ikkje avgjerande merknad i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaka bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Dersom det vert gjeve konsesjon, vil det ikkje vere krav om kommunal sakshandsaming av tiltaket etter Plan og Bygningslov, jamfør SAK §7 nr. 1

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.02.2013	NVE	Oppstart av behandling av småkraftsøknader i Jølster og Gloppen kommunar
2	I	17.01.2014	NVE	Fleire søkjarar - Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring
3	I	22.01.2014	NVE	Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring - med linkar
4	I	04.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken.
5	U	14.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Svar Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken
6	U	02.04.2014	NVE	Agenda for synfaring 09.04
7	I	02.04.2014	Statens Vegvesen Region Vest	Kopi av skriv til NVE - svar til søknad om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen.



Saksutgreiing

SAKSGANG**Styre, utval, komite m.m.**

Utval for Plan og Utvikling

Møtedato**Saksnr**

Sakshandsamar: Solfrid Trå	Arkiv: FA-S10	Arkivsaknr 13/273
-------------------------------	------------------	----------------------

Fråsegn frå Jølster kommune, behandling av småkraftsøknader - samla vurdering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Dei planlagde utbyggingane er vurdert som lite konfliktfylt kvar for seg, og Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av kraftverka. Vurdering av samla belastning av utbyggingane er Jølster kommune usikker på, og vil be NVE vurdere minstevassføring opp mot tap av verdi av biologisk mangfald og landskapsverdi.

Saksutgreiing:

NVE bed høringspartane om å vurdere alle søknadane kvar for seg, men og alle sakane samla. Jølster kommune har vurdert alle søknadane med grunnlag i tilgjengeleg kunnskap innanfor relevant fagfelt, lokalkunnskap og gjennom synfaring på alle områda gjennomført 09.04.2014.

Jølstravatnet, Kjøsnesfjorden og Breimsvatnet har tilførsle av ei rekkje elver med kjelde i fjella kring vatnet. Dette er rein fornybar energi som Jølster kommune vil legge til rette for å utnytte (ref. samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025).

Det er gjeve konsesjon til 18 småkraftverk/minikraftverk i Jølster, og 6 har fått konsesjonsfritak. Det føreligg konkrete planar om småkraftutbygging for fleire av elvene, der 6 prosjekt er under handsaming. Dette reduserer talet på urørte eller framtidig urørte elver, og vil gjere konsekvensane for artar meir alvorleg for kvar elv som vert bygd ut. Dersom det vert gjeve konsesjon til alle omsøkte prosjekt i Jølster vil ein stor andel av natur knytt til små- og middels store elvar verte råka.

I regional plan knytt til vasskraftutbygging for Sogn- og fjordane er fossar/stryk som er viktige landskapselement lista opp. 20 av desse er i Jølster, og halvparten av dei har fått redusert vassføring som følgje av vasskraftutbygging. Av dei 6 omtala søknadene som no ligg inne, vil ytterlegare 2 få redusert vassføring. Dersom desse også får konsesjon, vil totalt 8 av 20 stå igjen med naturleg vassføring.

Dette kan også få betyding for artar som fossekall, oter og strandsnipe, som er raudlista (nært trua). To av prosjekta rår naturtypane fossesprøytsone og bekkekløft. I fossesprøytsone fin ein fosseberg- og fosseeng som er raudlista naturtype. Kommunen ber NVE vurdere om føreslåtte minstevassføringar er tilrådeleg for at landskapsverdiar og naturverdiane samla sett ikkje vert redusert i for stor grad.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.02.2013	NVE	Oppstart av behandling av småkraftsøknader i Jølster og Gloppen kommunar
2	I	17.01.2014	NVE	Fleire søkjarar - Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring
3	I	22.01.2014	NVE	Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Høyring - med linkar
4	I	04.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken.
5	U	14.03.2014	Sogn og Fjordane Ffylkeskommune	Svar Ang. søknader om å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen Jølsterpakken
6	U	02.04.2014	NVE	Agenda for synfaring 09.04
7	I	02.04.2014	Statens Vegvesen Region Vest	Kopi av skriv til NVE - svar til søknad om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen.